



# Berekraft og rettferd

Ein diskusjon av korleis William Cavarnaugh og Patrik Hagmans politiske teologi kan bidra til å utdjupe og utfordre *økologisk økonomi* sin visjon for eit rettferdig og berekraftig samfunn.

**Marte Martilla Dybdal**

**Rettleiar**

Førstelektor Tron Fagermoen

VID vitenskapelige høgskole

Det teologiske menighetsfakultet

AVH5070 Masteravhandling (30 ECTS)

Master i diakoni

24998 ord

Haust 2017

«Dersom det viser seg at vår egen materielle livsstil har nådd et forbruksnivå som ikke kan adopteres av jordens øvrige befolkning uten at økologisk kollaps er resultatet, hvor moralisk legitim er da denne vår nåværende livsstil?» (Vetlesen 1998, 191).

## **Samandrag**

Problemstillinga i denne oppgåva er: *Korleis kan Cavanaugh og Hagman si forståing av Nattverdens økonomi bidra til å utdjupe og utfordre visjonen økologisk økonomi kan gje for eit meir berekraftig og rettferdig samfunn?*

For å svare på problemstillinga har eg henta teori frå økologisk økonomi og politisk postsekulær teologi. Oppgåva er skrevet innanfor rammene for diakonivitskapen. Fokuset er særskild på forsking som er relevant for vern om skaparverket og kamp for rettferd. Desse er sentrale dimensjonar innanfor kyrkjas diakonale oppdrag. Dei faglege perspektiva er i hovudsak henta frå den delen av diakonivitskapen som famnar om systematisk-teologiske problemstillingar.

Metodisk er denne oppgåva å rekne som ei litteraturstudium. Hermeneutiske refleksjonar og tekstanalyse er anvendt for å behandle teorien. I hovudsak handlar oppgåva om å syne korleis ein teori innan samfunnsøkonomi (*økologisk økonomi*) og ei retning innan postsekulær politisk teologi (*nattverdens økonomi*) utfyller og utdjupar kvarandre. For å setje rammer rundt den hermeneutiske tolkinga av tekstmaterialet, er drøftinga styrt av tre teoretiske rammeverk. Dei to posisjonane drøftast opp mot kvarandre innanfor dette teoretiske rammeverket. Det fyrste teoriperspektivet er henta frå Michel de Certeau (1925-1986) og han si forståing av strategi og taktikk som framgangsmåtar for sosialendring. Det andre er henta frå teoriar om ulike menneskesyn. Det tredje er henta frå så-kalla utopisk tenking.

Oppgåvas omfang og avgrensa litteratur gjer det ikkje mogleg å gje absolutte konklusjonar. Nokre konkluderande merknadar, basert på drøftinga innanfor det teoretiske rammeverket, er likevel inkludert i oppgåva. Fokuset ligg på *nattverdens økonomi* sitt bidrag inn i *økologisk økonomi*. Dette bidraget handlar om ein supplerande framgangsmåte for sosialendring og eit meir nyansert og menneskeleg menneskesyn. I tillegg kan samspelet mellom *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* dra nytte av å vere utopiske på ulike måtar.

## Forord

Med denne oppgåva avsluttar eg studietilværet. Dei siste åra har diakonien vorte viktig for meg personleg, fagleg og profesjonelt. Eg har vorte introdusert for eit nytt fagfelt som gjev inspirasjon og fagleg tyngde til å møte nye utfordringar. Diakonien har auka min kompetanse til å møte menneske i ulike livssituasjonar. Det har òg opna høve for meg til å kjempe for rettferd for menneske og skaparverket.

Eg er takksam for å ha delt desse åra med mange andre diakonistudentar. Spanande diskusjonar, god stemning og herleg klassemiljø har gjort kvardagen lærerik. Lunsjpausar med Martha, Silje og Anders har eg særskild satt pris på, i ein elles einsam skriveprosess. Med å klage til dei og motta støtte frå dei har eg fått motivasjon.

Tron vil eg takke for glimrande og engasjerande rettleiing. Hans kunnskap og inspirasjon har teke oppgåva mi til høgder eg ikkje kunne forvente. Det krev tid og tolmod å få ein idealist inn i akademisk format. Tron forstod frå byrjinga av kva eg ville med dette prosjektet, og rettleia meg inn i ei retning som har gjort idealisten i meg meir nyansert. Han har vore tilgjengeleg, oppmuntrande og kritisk gjennom heile prosessen. Uansett kor utfordrande og slitsam eg synes skriveprosessen tidvis har vore, har eg kome oppløfta ut av rettleiing.

I dette prosjektet har eg fått høve til å fordjupe meg på eit felt eg sjølv brenn for. Ei masteroppgåve vert gjerne snever, og difor ikkje noko alle i min omgangskrins kan så mykje om. Eg er så heldig å ha onkel Torjus som engasjerer seg for mykje av det same eg gjer. Han hadde til og med høyrd om økologisk økonomi! I tillegg til å ha spanande diskusjonar med han, har han teke seg tid til å lese gjennom oppgåva mi. Han har ei særskild evne til å gje konstruktive tilbakemeldingar, og samstundes bevare mitt engasjement. Takk for det.

I periodar har mykje av tankekapasiteten, kreativiteten og engasjementet mitt gått til denne oppgåva. Sjølv om eg har prøva å skilje mellom skrivetid og fritid, har dette prosjektet tatt litt familietid. Eg er takksam for mannen min som alltid er tolmodig, roleg og trygg å kome heim til. Dei dagane eg har vore kritisk til eigen arbeidsinnsats, har Tore oppmuntra meg. Dei dagane eg har jobba hardt har han delt glede med meg. Takk til Tore som gjer kvardagen min ljósare, morosamare og lettare.

# **Innhald**

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 1     | Innleiring .....   | 7  |
| 1.1   | Problemstilling.....   | 7  |
| 1.1.1 | Problemstillingas relevans.....  | 8  |
| 1.1.2 | Underproblemstillingar .....   | 9  |
| 1.2   | Materiale .....  | 11 |
| 1.2.1 | Grunngjeving for val av Økologisk økonomi og Nattverdens økonomi ..... | 11 |
| 1.2.2 | Grunngjeving for val av litteratur.....                                | 12 |
| 1.3   | Metodiske refleksjonar .....   | 13 |
| 1.3.1 | Ei tverrfagleg diakonivitskapleg studie .....                          | 14 |
| 1.3.2 | Eit stykke systematisk teologi .....                                   | 14 |
| 1.3.3 | Hermeneutikk .....   | 15 |
| 1.3.4 | Forskningsprosedyre og oppgåvas oppbygging .....                       | 16 |
| 2     | Økologisk økonomi .....  | 17 |
| 2.1.1 | Økologisk økonomi: ei strøyming innanfor samfunnsøkonomien .....       | 17 |
| 2.1.2 | Generelt om økologisk økonomi .....                                    | 18 |
| 2.1.3 | Historisk utvikling av økologisk økonomi .....                         | 19 |
| 2.2   | Problemforståing .....   | 20 |
| 2.2.1 | Den moderne økonomiens opphav og forståingsramme .....                 | 20 |
| 2.2.2 | Negative konsekvensar med frihandel .....                              | 21 |
| 2.2.3 | Kritisk til økonomisk vekst .....                                      | 22 |
| 2.2.4 | Problematisk med mekanisk forståing .....                              | 22 |
| 2.2.5 | Homo economicus og feilslutningar .....                                | 23 |
| 2.2.6 | Kritisk til å tilfredsstille behov med varer.....                      | 24 |
| 2.2.7 | Oppsummering .....   | 24 |
| 2.3   | Løysingsforslag .....  | 25 |
| 2.3.1 | Bygge økonomiske system basert på grunnleggjande behov .....           | 25 |
| 2.3.2 | Forbetring av frihandel .....  | 25 |
| 2.3.3 | Utvikling heller enn vekst .....                                       | 26 |
| 2.3.4 | Organisk forståing heller enn mekanisk forståing.....                  | 27 |
| 2.3.5 | Mennesket-i-fellesskap heller enn homo economicus .....                | 28 |
| 2.3.6 | Tilfredsstille ekte behov .....  | 28 |
| 2.3.7 | Oppsummering .....   | 29 |
| 2.4   | Oppsummering .....   | 29 |

|       |   |    |
|-------|---|----|
| 3     | Nattverdens økonomi .....   | 30 |
| 3.1.1 | Nattverdens økonomi: ei strøyming innanfor postsekulær politisk teologi .....             | 30 |
| 3.1.2 | Generelt om nattverdens økonomi .....   | 32 |
| 3.2   | Problemforståing .....  | 33 |
| 3.2.1 | Kritikk av den frie marknaden .....   | 33 |
| 3.2.2 | Kritikk av forbrukarkultur .....  | 34 |
| 3.2.3 | Oppsummering .....  | 36 |
| 3.3   | Løysingsforslag .....   | 36 |
| 3.3.1 | Å yte motstand .....  | 36 |
| 3.3.2 | Føremål med livet: å leve i relasjon til Gud .....  | 38 |
| 3.3.3 | Nattverd .....  | 38 |
| 3.3.4 | Å danne menneske: Askese .....  | 40 |
| 3.4   | Oppsummering .....  | 42 |
| 4     | Diskusjon og drøfting .....   | 44 |
| 4.1   | Strategi eller taktikk? .....   | 44 |
| 4.1.1 | Strategi og taktikk .....   | 45 |
| 4.1.2 | Økologisk økonomi med strategisk tilnærming til sosial endring .....                      | 46 |
| 4.1.3 | Nattverdens økonomi med taktisk tilnærming til endring .....                              | 47 |
| 4.1.4 | Strategisk vs taktisk tilnærming .....  | 48 |
| 4.1.5 | Døme: Strategisk og taktisk tilnærming til negative konsekvensar av forbrukarkultur ..... | 53 |
| 4.1.6 | Oppsummering .....  | 58 |
| 4.2   | Menneskesyn .....   | 59 |
| 4.2.1 | Humanistisk menneskesyn .....   | 59 |
| 4.2.2 | Kristent menneskesyn .....  | 59 |
| 4.2.3 | Humanistisk menneskesyn i økologisk økonomi .....   | 60 |
| 4.2.4 | Kristent menneskesyn i nattverdens økonomi .....  | 60 |
| 4.2.5 | Likskapar mellom økologisk økonomi og nattverdens økonomi sine menneskesyn .....          | 61 |
| 4.2.6 | Økologisk økonomi sitt menneskesyn versus nattverdens økonomi sitt menneskesyn .....      | 62 |
| 4.2.7 | Oppsummering .....  | 66 |
| 4.3   | Utopisk tenking .....   | 66 |
| 4.3.1 | Kva utopisk tenking er .....  | 67 |
| 4.3.2 | Det positive med utopisk tenking .....  | 67 |

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 4.3.3 | Økologisk økonomi som utopi .....                    | 68 |
| 4.3.4 | Nattverdens økonomi som utopi .....                  | 69 |
| 4.3.5 | Økologisk økonomi med detaljert kart.....            | 69 |
| 4.3.6 | Nattverdens økonomi med urealistisk forventing ..... | 70 |
| 4.3.7 | Oppsummering .....                                   | 72 |
| 5     | Konklusjon .....                                     | 73 |
| 6     | Litteraturliste .....                                | 75 |

# 1 Innleiing

Urettferdige levevilkår og miljøforureining er aktuelle og globale tema. Det er ein pågåande diskusjon om kva grunnen til desse utfordringane er. I følgje FN er ressursfordelinga i verda skeiv. Den største delen av verdas folk bur i fattige land, men dei rikaste få forbruker mest (FN-Sambandet 2017). I Noreg er me blant desse «rikaste få». FNs berekraftsmål gjev forslag til korleis ein kan legge til rette for meir berekraftig utvikling som kan jamne ut skilnadane mellom rike og fattige.

I seinare tid har økonomifaget og politikken hatt auka fokus på berekraftig utvikling og rettferdig ressursfordeling. Ein grunn til dette kan vere at mange ser ei destruktiv utvikling som konsekvens av dei «rike få» sitt forbruk. Parallelt med dette har den politiske teologien vekse fram. Tradisjonelt har denne fokusert på korleis kyrkja kan drive politisk påverknadsarbeid for ei meir rettferdig og berekraftig verd. I tillegg har diakonidefinisjonen frå 2007 og Plan for diakoni (Kyrkjerådet 2008) spesifisert fokuset på utfordringar knytt til *vern om skaparverket* og *kamp for rettferd*. I denne oppgåva vil eg undersøkje korleis teologien kan bidra til ein rikare og meir nyansert måte å organisere økonomisk teori på, når det gjeld meir rettferdig ressursfordeling og berekraftig forvalting av naturen.

*Økologisk økonomi* er ei retning innanfor samfunnsøkonomien. *Nattverdens økonomi* er eit omgrep innanfor politisk postsekulær teologi. I denne oppgåva vil eg undersøkje kva representantar for desse retningane legg vekt på, når dei forklarar prosessen mot eit berekraftig og rettferdig samfunn. *Økologisk økonomi* er ein ny måte å tenkje om økonomi på. Fokuset er å endre strukturane i økonomiske system, for å bidra til å skape berekraftige rettferdige samfunn. *Nattverdens økonomi*, her representert ved William T. Cavanaugh (Født-) og Patrik Hagman (1974-), er ei retning innanfor politisk postsekulær teologi. Dei er opptekne av korleis kyrkja sine kjernepraksisar kan forståast som politiske, og kva rolle ho difor bør ha i eit postsekulært samfunn. Dette presenterer eg meir utfyllande seinare.

## 1.1 Problemstilling

Hovudproblemstillinga mi er: *Korleis kan Cavanaugh og Hagman si forståing av Nattverdens økonomi bidra til å utdjupe og utfordre visjonen økologisk økonomi kan gje for eit meir berekraftig og rettferdig samfunn?* Denne problemstillinga er vald då ho hjelper å svare på korleis ein bestemt teori om kyrkjas samfunnsengasjement kan bidra inn i økonomifagets

fokus på berekraft og rettferd. Hovudfokuset vil likevel gå mot *nattverdens økonomi* sitt bidrag til *økologisk økonomi* sin visjon av rettferdig og berekraftig samfunn.

Problemstillinga inneheld omgrep som må presiserast. *Økologisk økonomi* er ein måte å tenke om økonomi på. Den har ein visjon om livskraftige fellesskap og berekraftig utvikling. Målet er å endre økonomiske strukturar for å skape eit berekraftig og rettferdig samfunn.

Utfordringane er globale, men endringane må skje i lokale fellesskap (Jakobsen og Storsletten 2016, 31).

Med *nattverdens økonomi* meinast ein posisjon innanfor nyare politisk teologi, som brukar kyrkjas praksisar som inspirasjon til korleis ein kan leve eit kristent liv i verda.

Nattverdsfellesskapen har eit særskild fokus (Scott og Cavanaugh 2004). Målet er å danne menneske til å yte motstand mot negative konsekvensar av det kapitalistiske samfunnet (Cavanaugh 2013, 8-10).

*Berekraft* handlar om å verne om miljøet, økonomien og sosiale forhold slik at behova til menneske som lev i dag vert dekt, utan at det øydelegg framtidige generasjonars høve til å møte sine behov (FN-Sambandet 2017).

Med *rettferd* meinast å forvalte naturressursane slik at dei fordelast jamt for alle menneske, på ein berekraftig måte. I tillegg handlar det om at rike land som brukar mest må redusere sitt ressursforbruk, og bidra til at andre land kan få berekraftig utvikling og forvalting av sine ressursar (FN-Sambandet 2017).

Mitt kontekstuelle utgangspunkt er diakoni innanfor Den norske kyrkja, men når eg vidare i oppgåva skriv *kyrkja* og *kristne* viser eg til fellesskapet av menneske som del av den verdsomspennande kyrkja. Eg meiner altså ikkje å skrive spesifikt om eit bestemt kyrkjесamfunn eller kristne definert innanfor ei bestemt retning. Likevel forstår eg at eg er påverka av norsk diakoni og at eg bur i eit rikt land med høg ressursforbruk.

### **1.1.1 Problemstillingas relevans**

*Økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* er ikkje åleine om å ta til ordet for berekraftig liv og mot overforbruk. Dette temaet har fokus innanfor ulike forskingstradisjonar på nasjonalt

og globalt nivå. Difor er tematikken i problemstillinga mi svært aktuell og relevant i dagens samfunn. Johan Arne Vetlesen (1960-) og diakonifeltet er døme på dette.

Arne Johan Vetlesen er professor i filosofi på UiO. Han har eit engasjement innanfor miljøfilosofi (UiO 2017). Vetlesen påpeikar at me i vesten forbrukar den største delen av verdas ressursar, og at det gjev grunn til refleksjon rundt universaliteten i vår livsstil. Ein negativ konsekvens ved forbrukarkulturen han ser, er at auka konsum gjev auka miljøproblem. Marknaden er ekspert på å skape nye produkt som tilfredsstiller behova som oppstår av samfunnsendringane (Vetlesen 1998, 167). T.d. er ozonlaget over Chile veldig tynt. Solbrilleprodusentar har då høve til å tilby solbriller med særskild vern mot sterke ultrafiolette stråler. Slike kortsiktige løysingar kanaliserer forbrukaren si merksemd frå årsaka til problemet.

Ein kan seie at diakonifeltet òg bidreg til kampen for eit meir berekraftig og rettferdig samfunn. Den nyare forståinga av diakonien som *Diakoni i kontekst* (Det lutherske verdensforbund 2009) skildrar konkretiserer dette gjennom internasjonal diakoni. Den verdsomspennande kyrkja ser det som sitt kall å verne om menneske, forvalte naturen og bygge berekraftige lokalmiljø. *Kamp for rettferd og vern om skaparverket* er to av diakoniens fokusområde i Noreg (Kyrkjerådet 2008). Tematikken i denne oppgåva er altså direkte relatert til diakoni.

### **1.1.2 Underproblemstillingar**

For å svare på hovudproblemstillinga, har eg formulert fem underproblemstillingar. Dei to fyrste vil eg svare på i kapitla med den innleiande analysen av *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Dei neste tre svarast på i drøftingsdelen.

Dei to fyrste spørsmåla har eg formulert for å hjelpe meg å identifisere kva representantar for *Økologisk økonomi* og *Nattverdens økonomi* forstår som problematisk i samfunnet, samt moglege løysingar på desse problema. Eg spør altså: (1) *Kva er i følgje, økologisk økonomi og nattverdens økonomi, problematisk med måten dagens samfunn forholder seg til rettferdig ressursfordeling og berekraft?* og (2) *Kva er økologisk økonomi og nattverdens økonomi sine løysingsforslag på desse utfordringane?* Kvart av kapitla om *Økologisk økonomi* og

*Nattverdens økonomi* har to delar. Den fyrste delen svarar på underproblemstilling (1) medan den andre delen tek for deg (2).

Dei tre neste underproblemstillingane hjelper meg direkte å svare på hovudproblemstillinga. Kvart av spørsmåla dannar undertitlane i drøftingskapitelet. Drøftinga vil styrast av tre teoretiske perspektiv som eg har kalla teoretiske rammeverk. Kvar underproblemstilling er formulert basert på desse tre teoretiske rammeverka. Dei teoretiske rammeverka presenterast kort her, men meir utfyllande under kvart punkt i drøftingsdelen.

Den tredje underproblemstillinga er: (3) *Korleis kan nattverdens økonomi sitt syn på sosial endring utdjupe og utfordre økologisk økonomi si forståing av dette, i lys av de Certeau sin teori om strategi og taktikk?* Det finst ulike tilnærmingar til sosial endring. Den teoretisk informerte analysen av *økologisk økonomi* kan gje verktøy for å forme ein strategi for samfunnsendring. Representantar for *nattverdens økonomi* er oppteken av korleis menneske kan skape endring ved å leve annleis i kvardagen. Eg brukar Michel De Certeau (1925-1986) sin teori om strategisk og taktisk tilnærming til sosial endring som teoretisk rammeverk. Dette tydeleggjer *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* sine ulike tilnærmingar til å skape rettferdig og berekraftig samfunn.

Deretter spør eg: (4) *Kva kjenneteiknar menneskesyna i økologisk økonomi og nattverdens økonomi, og korleis kan det kristne menneskesynet i nattverdens økonomi utdjupe og utfordre menneskesynet i økologisk økonomi?* Økologisk økonomi er bygd på eit humanistisk menneskesyn, medan *nattverdens økonomi* inneheld eit kristent menneskesyn. Eg brukar menneskesyn som teoretisk rammeverk for å synleggjere kva rolle menneske har i *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* for å skape berekraftige og rettferdige samfunn.

Den siste underproblemstillinga eg svarar på er: (5) *Korleis kan dei utopiske trekka innanfor nattverdens økonomi utfordre og utdjupe den utopiske tenkinga økologisk økonomi representerer?* Ein kan kalle *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* for utopiske teoriar om korleis samfunnet bør sjå ut. Dei er utopiske på ulike måtar, ved at *Økologisk økonomi* gjev ei skildring av eit utopisk samfunn, medan *nattverdens økonomi* har fokus på å danne menneske til å jobbe mot eit utopisk samfunn.

## 1.2 Materiale

Denne oppgåva drøftar korleis teologi- og økonomifaglege perspektiv kan bidra til å kaste ljós over kva som skal til for å legge til rette for meir rettferdige og berekraftige samfunn. På grunn av oppgåvas omfang har eg avgrensa materialet tydeleg for å gå djupare inn i nokre spørsmål.

### 1.2.1 Grunngjeving for val av *Økologisk økonomi* og *Nattverdens økonomi*

Tidleg i forskingsprosessen valde eg å fokusere på *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Grunnen til at dette er at dei båe har eit mål om å forbetre samfunnet og gjere det godt å leve i og er nyare retningar innanfor sine fagfelt. Det gjer posisjonane samanliknbare. Det som gjer desse interessante å drøfte, er den ulike tilnærminga til korleis ein kan skape endring.

Mitt utgangspunkt er diakoni. *Økologisk økonomi* er relevant for diakonien, då det kan bidra til å kaste ljós over utfordringar knytt til diakoniens fokusfelt *vern om skaparverket*. Innanfor *økologisk økonomi* hevdar ein at det er noko grunnleggande feil med korleis økonomiske system fungerer. Målet er difor å endre grunnleggande strukturar til å vere meir økologiske (Jakobsen og Storsletten 2016, 26-7). Å gjere økonomiske system meir økologiske, vil seie å fremje samarbeid mellom ulike nettverk for å skape utvikling som ikkje skadar samfunnet, menneske og miljøet.

*Nattverdens økonomi* er òg relevant for diakonien. Det er ei konkret synleggjering av korleis diakonar kan jobbe med *vern om skaparverket* og *kamp for rettferd*. *Nattverdens økonomi* oppmodar til å lære av det som skjer i nattverden for så å kroppsleggjere dette i handling. Cavanaugh og Hagman presiserer at det finst eit konkret kristen bidrag til ein måte å leve på, som yter motstand mot etablerte strukturar i samfunnet. Både forfattarane meiner at denne har sitt utspring i kjærleksfellesskapen i nattverden. Cavanaugh kallar dette *nattverdens økonomi*, og Hagman følgjer hans døme. Seinare i oppgåva vil eg presentere deira forfattarskap og engasjement grundigare.

Eg er klar over at dette ikkje er to likeverdige posisjonar. *Økologisk økonomi* er eit internasjonalt forskingsbasert fagfelt. Det har difor meir tyngde. Litteraturen innanfor *Nattverdens økonomi* er ikkje like teknisk, særskild når det gjeld økologi og økonomi.

Teologane som representerer *Nattverdens økonomi* har likevel relevans, ved å ha forståing av kyrkjas rolle i samfunnet. *Nattverdens økonomi* er meir praktisk og handlingsorientert enn *økologisk økonomi*.

*Økologisk økonomi* ynskjer, som nyss nemnd, å gjere strukturelle endringar i økonomiske system. Samstundes må endringane skje i små lokale fellesskap. Kyrkja, representert av *nattverdens økonomi*, er døme på små lokale fellesskap som finst over heile verda. *Økologisk økonomi* kan difor dra nytte av *nattverdens økonomi* sin framgangsmåte i å tydeleggjere kyrkjas samfunnsrolle, for å realisere endringar. Basert på dette meiner eg at *nattverdens økonomi* har kan utdjupe og utfordre *økologisk økonomi* sin visjon. Det er òg grunnen til at eg har vald nettopp desse to posisjonane.

### **1.2.2 Grunngjeving for val av litteratur**

Det finst mykje litteratur innanfor *nkologisk økonomi* og nyare politisk teologi som eg har funne gjennom litteratursøk i ulike databasar og fysisk på biblioteket. Etter kvart som eg lærde meir om desse fagfelta, såg eg behovet for å avgrense litteraturen.

Ove D. Jakobsen er professor i *økologisk økonomi* ved Nord Universitet. Etter e-postkorrespondanse med han, peika han meg i retning av nokre grunnbøkar for *Økologisk økonomi*, samt at han viste til heimesida si <http://www.ovejakobsen.com/> med relevant litteratur. Bøkane *Økonomi, natur og kultur* (2007), *An Introduction to Ecological Economics* (1997) og *Det fælles bedste. En økologisk økonomi for fællesskab og fremtid* (1994) er dei bøkane eg har bruka mest, etter tilråding frå Jakobsen. Eg har òg gjort mange søk på *nkologisk økonomi* utanom anbefalingane frå Jakobsen. Gjennom dette har eg funne fleire tekstar enn det eg har presentert her. Dei som er nemnd her, er hovudtekstane for oppgåva. *nkologisk økonomi* er eit internasjonalt fagfelt. Hovudvekta av litteraturen er difor henta utanfor Noreg. Litteraturen frå Jakobsen supplerer denne.

Litteraturen innanfor nyare politisk teologi kom eg fram til gjennom å søke på kyrkjas samfunnsengasjement for miljø, berekraft og forbruk. Namn som William T. Cavanaugh og Patrik Hagman gjekk att i fleire av tekstane. Etter kvart som eg fann ut meir om desse teologane, snevra eg inn litteraturen til *nattverdens økonomi* (2012) av Cavanaugh og *Kristen motstand* av Hagman (20013). Både desse bøkane handlar konkret om kva kyrkja kan gjere for

å kroppsleggjere nattverdens fellesskap i samfunnet, for å skape endring (Cavanaugh 2012) (Hagman 2013).

### 1.3 Metodiske refleksjonar

For diakonivitskapeleg oppgåver finst dei ikkje berre ein mogleg metode. Problemstillinga og delvis materialet er med på å bestemme den mest hensiktsmessige metodiske tilnærminga (Thagaard 2013). Dei metodiske refleksjonane i denne oppgåva plasserast innanfor metodediskusjonen i diakonivitskapen generelt, og særleg innanfor systematisk teologi (Dietrich 2011) (Mjaaland 2017). Eg vil i svært liten grad gå inn på dei økonomifagets metoderefleksjonar. Sidan hovudproblemstillinga mi handlar om *økologisk økonomi* kan dette vere merkeleg. Men, denne oppgåva er definert som ei diakonivitskapeleg oppgåve med vekt på den systematisk-teologiske delen av det arbeidet, og eg har difor vald å bruke dei metoderefleksjonane på dette fagfeltet.

I praksis tyder dette at eg ser på *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* som posisjonar nedfelt i tekstar. Denne oppgåva kan difor vurderast som kvalitativt litteraturstudium, der hermeneutisk teksttolking og dokumentanalyse er sentralt (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 163-4). Eg vil ikkje gå inn i dei metodiske føresetnadane som ligg til grunn for empirien *Økologisk økonomi* bygger sine analyser på.

Eg har kome fram til at litteraturstudium er det mest hensiktsmessige for denne oppgåva. Grunnen til det, er at *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* er to relativt ukjente retningar innanfor diakonien. Litteraturstudie, med gjennomgang av mykje tekst, gav meg høve til å setje meg inn i desse tradisjonane og legge eit grunnlag for hermeneutisk tolking. I tillegg brukar eg mykje av oppgåva til å analysere desse posisjonane og såleis bringe desse inn i diakonifaget. Den hermeneutiske prosessen har gjeve meg grundig forståing av *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Det gjer at eg kan trekke ut det som er relevant for diakonifaget og relatere det til diakonale utfordringar innanfor fokusområda *kamp for rettferd* og *vern om skaparverket* (Kyrkjerådet 2008).

### ***1.3.1 Ei tverrfagleg diakonivitskapleg studie***

Som nemnd er dette ei diakonivitskapleg oppgåve, altså ein tverrfagleg disiplin. Her møtast teologiske, samfunnsvitskapelege og helsefaglege perspektiv i studiet av diakonal praksis. Diakonien er eit oppdrag for kyrkja i det moderne samfunnet, og kan difor ikkje fungere utan å samarbeide med sekulære aktørar i samfunnet elles, då desse komplimenterer kvarandre (Hansson 2008, 35). I denne oppgåva ligg fokuset på møtet mellom systematisk teologi og økonomifaget. Noko av faren ved eit tverrfagleg perspektiv, er å setje seg inn i fagfelt ein elles ikkje har kunnskap om.

Diakonivitskap er eit fag som undersøkjer og tolkar praktiske handlingar og den sosiale konteksten desse handlingane er i (Hansson 2008, 35-6). Faget er både knytt til studiet av diakonal praksis som finst innanfor kristne samfunn og organisasjonar, men det arbeider òg med studiet av korleis det diakonale oppdraget realiserast av andre aktørar enn kyrkja (Riber 2011). Difor kan det seiast å vere ei diakonalfagleg oppgåva å diskutere kva ein økonomisk teori om berekraftige og rettferdige samfunn har å lære om kyrkja sitt samfunnsengasjement.

*Plan for diakoni* i Den norske kyrkja gjev fire fokusområde for diakonal verksemد (Kyrkjerådet 2008). Desse er: inkluderande fellesskap, nestekjærleik, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Ein kan seie at diakonivitskap handlar om forsking på desse områda. Denne oppgåva har element av forsking på vern om skaparverket og kamp for rettferd. Dette er ikkje berre ein vitskap for kyrkja, men òg for samfunnet generelt. Diakonien er ein tverrfagleg disiplin som er avhengig av samfunnet elles, og å samarbeide med andre aktørar for å utføre sitt arbeid. Det er difor relevant å dra økonomifaget inn i diakonien. Samstundes er det etter mi mening relevant å dra diakonale og teologiske perspektiv inn i økonomifaget. Akademikrar frå ulike fagfelt innanfor natur, biologi og samfunnsvitskap har utforma *økologisk økonomi* (Constanza, Cumberland, Daly, Goodland og Norgaard 1997). Det gjer *økologisk økonomi* òg til ein tverrfagleg disiplin med ein visjon om eit samfunn som vernar om naturen og fordeler ressursar rettferdig. Det er slik sett naturleg at tverrfaglege aktørar jobbar i lag, lærer av kvarandre og dreg nytte av kvarandre sine røynsler (Hansson 2008, 44).

### ***1.3.2 Eit stykke systematisk teologi***

Eg har allereie nemnd at denne oppgåva tek opp den delen av diakonivitskapen som høyrer til den teologiske underdisiplinen, systematisk teologi. Denne jobbar med å gje ei heilskapleg

framstilling av kristen tru slik ho kan forståast i samtida. Sidan den tek omsyn til bestemte geografisk, sosiale og historiske samanhengar, er den kontekstuell. Den er òg universell i den grad kristen tenking gjeld heile menneskeheita (Mjaaland 2017, 17).

At denne oppgåva høyrer til under denne disiplinen tyder to ting. For det fyrste at eg vil bidra til den pågåande diskusjonen innanfor kyrkja om korleis ho skal forstå seg sjølv i samtida. Det omfattar korleis ho skal møte utfordringar knytt til å fremje meir berekraftige og rettferdige samfunn. For det andre at eg ynskjer å diskutere korleis kyrkja og teologien òg har kunnskap som kan kome samfunnet til gode. Den systematiske teologien er ikkje berre oppteken av kva kyrkja gjer og ikkje gjer, men òg av korleis kristen tru og praksis kan vere relevant for andre aktørar i samfunnet. Den systematiske teologien kan difor ikkje argumentere slik at berre dei som deler kristen tru støttar den. Den må òg argumentere på eit vis som er ålmogent tilgjengeleg. I denne oppgåva etterstrevar eg å gjere dette, m.a. ved å trekke inn teoretiske rammeverk som ikkje er teologiske.

### **1.3.3 *Hermeneutikk***

Teologien og den systematiske teologien er primært tekstvitsskapar, som fortolkar og diskuterer tekstar innanfor den kristne tradisjonen, og tekstar skrivne i samtida.

Hermeneutikken er difor sentral. I behandling av tekstane eg brukar i denne oppgåva, nyttar eg generelle hermeneutiske innsikter.

Hermeneutikken er todelt. For det fyrste er hermeneutikk ein type vitskapsfilosofi som handlar om å ha ei fortolkande tilnærming til menneske og samfunn (Johannessen et al 2010, 362). Ei hermeneutisk tilnærming lærer oss at det me studerer inngår i ein større heilskap og samanhengen det setjast inn i. Fortolking har difor ein sentral plass i hermeneutisk forståing (Thagaard 2013, 41). For det andre er hermeneutikk ein spesifikk analytisk metode innanfor kvalitativ forsking, gjerne omtala som den hermeneutiske sirkel. Fortolkinga går då føre seg i ei stendig rørsle mellom heilskapen og delane av det ein tolkar. Forskaren går fram og tilbake mellom som tolkast, konteksten ein tolkar inn i, samt eiga forståing (Johannessen et al 2010, 364-5). I dokumentanalyse og tolking av tekstar er målet å finne meiningsinnhaldet i teksten. Ein kan seie at det har to hensikter; å organisere data etter tema, samt å analysere og tolke innhaldet (Johannessen, Tufte og Christoffersen 2010, 164-5).

Etter kvart som eg jobbar med tekstane eg tolkar, får eg større innsikt i *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Problemstillinga og underproblemstillingane har gjeve meg eit utgangspunkt for tolkinga av tekstane. Dette har prega mi forståing av både tekstane og fagfelta. Det har òg styrt korleis eg drøftar posisjonane opp mot kvarandre. Det kjem til uttrykk gjennom det teoretiske rammeverket. *Økologisk økonomi* er innanfor eit i utgangspunktet ukjent fagfelt for meg, og eg har konsentrert meg om eit utval av tekstar. Mi forståing av *økologisk økonomi* er difor avgrensa til desse tekstane. Eg er klar over at det eg har lese innanfor både posisjonar ikkje gjev heile sanninga eller den einaste sanninga. Arbeidet med tekstane og drøftinga i denne oppgåva er driven fram av dei konkrete spørsmåla eg har nemnd ovanfor.

#### **1.3.4 Forskinsprosedyre og oppgåvas oppbygging**

Framgangsmåten i oppgåveprosessen kan delast inn i to. Den første delen er hermeneutisk tekstanalyse og den andre er diskusjonen.

Eg har satt meg inn i bestemte tekstar om *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Problemstillinga har vore ramma for denne prosessen. Det har gjeve meg ei forståing av desse posisjonane, og kva dei har å seie for diakonifaget. Eg identifiserer kvar posisjon si problemforståing med påfølgjande løysingar av desse utfordringane. Dette er samanfatta i kapittel 2 om *økologisk økonomi* og kapittel 3 om *nattverdens økonomi*.

I kapittel 4, diskusjon og drøfting, brukar eg dei to posisjonane si problemforståing og løysingsforslag til å drøfte hovudproblemstillinga. I tillegg har grunnlaget frå den hermeneutiske tekstanalysen hjelpt meg til å formulere underproblemstillingar. Dei tre underproblemstillingane svarar eg på i drøftinga, ved hjelp av tre teoretiske rammeverk som synleggjere korleis *nattverdens økonomi* utdjupar og utfordrar *økologisk økonomi* sin visjon om eit meir berekraftig og rettferdig samfunn. Dette har vore ein hermeneutisk prosess.

Kapittel 5 Konklusjon, samanfattar oppgåva og oppgåveprosessen med nokre konkluderande kommentarar for kvar av underproblemstillingane. Dette er oppsummeringa av litteraturstudiet, den hermeneutiske tolkinga og diskusjonen av samspelet mellom *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*.

## 2 Økologisk økonomi

Dette kapittelet handlar om kva *økologisk økonomi* er, og vil gje ei forståing av *økologisk økonomisk* tenking. Fyrst gjer eg greie for *økologisk økonomi* si plassering i samfunnsøkonomien. Deretter skriv eg litt generelt om *økologisk økonomi* og dens historiske utvikling. Så kjem den største delen av kapittelet. Den gjev ei skildring av kva *økologisk økonomi* peikar på som problematisk i samfunnet, følgd av moglege løysingar på desse utfordringane.

### 2.1.1 *Økologisk økonomi: ei strøyming innanfor samfunnsøkonomien*

Samfunnsøkonomi er vitskapen om den økonomiske verksemda i samfunnet (SNL 2015). Det finst fleire retningar innanfor samfunnsøkonomien, som grøn økonomi og *økologisk økonomi*.

Grøn økonomi er oppteken av å redusere negative verknadar på miljøet, innanfor strukturane av marknadsøkonomien. Grøn økonomi støttar og opprettheld det noverande økonomiske systemet. Med dette meinast at bedrifter jobbar for å vere konkurransedyktige og produsere like mykje. Men, ressursane, produkta og produksjonen er «grønare». Ein kan seie at grøn økonomi er symptomlindrande, og kan difor kritisera for å ikkje handtere dei eigentlege problema med dagens økonomi (Jakobsen og Storsletten 2016, 28).

*Økologisk økonomi* gjev ei samtidsdiagnose av destruktive strukturar i samfunnet. Dette kan brukast politisk til å endre grunnleggande strukturar for det økonomiske systemet, for å bygge berekraftige samfunn med rettferdig fordeling av ressursar. Det er særskild tre omgrep som forklarar korleis *økologisk økonomi* skil seg frå annan grøn økonomi og andre strøymingar innanfor samfunnsøkonomien.

Det fyrste omgrepet er naturleg kapital. Innanfor *økologisk økonomi* kan ein seie at naturleg er fornybare naturressursar, men ein er oppteken av kapasiteten til desse. Det avgjer i kor stor grad menneske kan utvinne og bruke naturressursane for å auke sin livskvalitet, utan å overforbruke dei (Pelenc og Ballet 2015, 37). Ein bør ikkje bruke naturleg kapital i større hastigkeit enn det klarar å fornye seg sjølv, av di naturleg kapital ikkje kan erstattast.

Det andre omgrepet er svak berekraft (weak sustainability). Innanfor ei slik tenking er det uproblematisk å bytte ut og erstatte naturleg kapital med fabrikkert kapital. Det vil seie at

denne generasjonen i ytste konsekvens kan bruke opp ressursar, så lenge ein bygger ut teknologi som kompenserer for dette. Teknologi, maskiner og ander erstatningar kan kallast fabrikkert kapital. Fabrikkert kapital er avhengig av naturleg kapital for å produserast (Pelenc og Ballet 2015, 37). Innanfor *økologisk økonomi* er dei forståing at dagens økonomi, med utvinning av ressursar, har svak berekraft. Med svak berekraft er det ei forståing av at dersom den samla kapitalen held seg stabil eller har litt auke, utgjer ikkje dette ein skilnad for naturen eller i menneskeleg livskvalitet.

Det tredje omgrepet er sterkt berekraft (strong sustainability). Med dette meinast ein bruk av naturleg kapital som ikkje fører til ei irreversibel øydelegging for naturen eller redusert livskvalitet for menneske. Auka forbruk er ikkje ei løysing på overforbruk av naturleg kapital (Pelenc og Ballet 2015, 37). Me har lite kunnskap om kva som kan skje dersom menneske brukar opp naturleg kapital. Difor veit me lite om korleis dette vil verke inn på menneskeleg livskvalitet.

Forkjemparane for *økologisk økonomi* meiner at denne har sterkt berekraft. Dette i motsetnad til mange andre teoriar innan grøn økonomi, som har svak berekraft. Difor har *økologisk økonomi* løysingar for å handtere dei grunnleggande problema innanfor økonomien, heller enn å behandle symptomata (Jakobsen og Storsletten 2016, 26-7) (Norad 2017).

### **2.1.2 Generelt om *økologisk økonomi***

Innanfor *økologisk økonomi* er det ei forståing av at dei tilgjengelege ressursane som finst på jorda ikkje er uendelige. Økonomien må ta høgd for det i utforming av økonomiske system. Ein ser på menneske i sin samanheng, jordklodens heilsakaplege økologiske system og samspelet mellom desse, for å danne ei ny forståing av økonomi (Jakobsen 2009, 10-1).

Med *økologisk* meinast samarbeidet mellom ulike disiplinar, som økologi og økonomi (Constanza et al. 1997). Det betyr òg at økonomien er underordna økologiens rammer ved å bygge på økologiske prinsipp (Jakobsen og Storsletten 2016, 30). *Økonomi*, i denne måten å tenkje på, handlar om å forvalte ressursar til å skape god livskvalitet i eit godt samfunn (Jakobsen og Storsletten 2016, 30). Ynskje er at ressursar fordelast slik at alle menneske opplever høg livskvalitet, samstundes som at ein ikkje skadar jorda med overforbruk ressursar.

Det er hovudsakleg tre hovudendringar som fremjast gjennom *økologisk økonomi*. Desse er å avgrense totalforbruket av naturleg kapital, fordele ressursane mest mogleg rettferdig samt å utnytte naturleg kapital på ein effektiv måte. For å nå målet om slike endringar, krev det grunnleggande endring i strukturelle rammevilkår (Jakobsen og Storsletten 2016, 31).

Dei strukturelle endringane handlar om å forstå kva som gjev menneske livskvalitet, og bygge eit økonomisk system basert på dette. Heller enn å auke forbruk for å skape vekst i økonomien (Jakobsen og Storsletten 2016, 30). Manfred Max-Neef (1932-) er oppteken av Latin-Amerikas berekraftige økonomiske utvikling. Han er særskild kjent for sin teori om terskelpunktet (threshold point). Han har gjort undersøkingar i ei rekke land, både rike og fattige. Undersøkinga handlar om i kor stor grad menneske i desse landa opplever at dei har høve til å tilfredsstille ynskt livskvalitet og offentleg velferd. Han hevdar at økonomisk vekst aukar menneskets velferd og livskvalitet til ein viss terskel. Etter denne tek belastninga og kostandane for vidare vekst over for godane (Max-Neef 1991, xiv). Det er altså ei forståing innanfor *økologisk økonomi*, at jag etter vekst og velstand over terskelpunktet, har ein negativ verknad på livskvaliteten. Frå ein økologisk økonomisk posisjon er det difor ikkje hensiktsmessig å satse på auka forbruk og luksus for auke livskvalitet.

### **2.1.3 Historisk utvikling av økologisk økonomi**

*Økologisk økonomi* har røtar i to fagtradisjonar; økonomi og økologi (Constanza, Cumberland, Daly, Goodland og Norgaard 1997). Økonomi vokser fram samstundes med den industrielle revolusjonen mot slutten av 1800-talet, basert på naturvitenskap. Økologi vart etablert litt seinare, basert på biologi og naturhistorie. Anerkjende vitkapsmenn har kritisert økonomifaget for manglande fokus på heilskapleg samspel mellom økonomi og natur. Desse kritikkane har danna grunnlag for framveksten av *økologisk økonomi*. Nokre av desse presenterer eg i det følgjande.

Peschs (1854-1926) har danna eit grunnlag for *økologisk økonomi*, ved å presisere at økonomi handlar om fellesskapets høve til å utfolde seg (Daly og Cobb 1989, 30). Med dette meiner han å seie at økonomi handlar om å skaffe materielle godar til folket. Whitehead (1861-1947) gjorde økonomane merksame på det høge abstraksjonsnivået mellom vitkapslege modellar og røynda (Daly og Cobb 1989, 32). Han hevdar at det kan leie til farlege feilslutningar, når ein

gløymer at modellar berre er forenkla bilete av røynda. Vidare peika Polanyi (1886-1964) på negative samfunnsmessige verknadar av økonomiske framsteg (Daly og Cobb 1989, 16). Han så den sosiale utviklinga, som følgjer rask overgangen til å produsere mykje, som faretrugande. Økonomen Heilbroner (1919-2005) har skrive om menneskets forbruk av ressursar og det presset dette påfører biosfæren. Han hevdar at økonomisk vekst ikkje kjem til å vere mogleg i det uendelege, då ressursane er knappe (Daly og Cobb 1989, 14).

Ei gruppe tverrfaglege akademikrar på 1980-talet tok med seg denne kritikkane, og byrja utforminga av *økologisk økonomi*. Dei meinte at utfordringar innanfor økonomi, økologi og miljøvern måtte integrerast i eit nytt samarbeid for å verne om dei komande generasjonane (Constanza et al. 1997).

## 2.2 Problemforståing

Målet med *økologisk økonomi* er som nemnd, å endre strukturar for å legge til rette for berekraftige samfunn med rettferdig ressursfordeling. Målet er sterk berekraft, heller enn svak berekraft. I følgje denne strøyminga fungerer strukturane i det moderne økonomiske systemet slik at det skapar skeiv ressursfordeling og svak berekraft. Eg har identifisert seks grunnar *økologisk økonomi* peikar på som grunnen til at moderne økonomi framkallar slike destruktive konsekvensar. I det følgjande vil eg gjere greie for desse.

### 2.2.1 Den moderne økonomiens opphav og forståingsramme

Grunnleggjarane av *økologisk økonomi* meiner opphavet og forståingsramma til moderne økonomi dannar urettferdige strukturar og svak berekraft. Desse opprettheld utfordringar knytt til auka overforbruk og skeiv ressursfordeling. Dette fyrste problemområde dreiar seg difor om feil ved premissane og strukturane for moderne økonomi. Her vil eg legge fram to punkt som er særskild kritisert innanfor *økologisk økonomi*.

Økonomi som disiplin oppstod samstundes med den industrielle revolusjonen. Då vart det naturleg å ha naturvitenskapen som førebilete i konstruksjonen av klassisk og neoklassisk økonomi. Økonomi vart nærist ei underavdeling til matematikk. Det innebere bruk av formlar og deduktiv metode for å måle røynda (Daly og Cobb 1991, 8-9). Det *økologisk økonomiske* problemet med dette, er at dei økonomiske modellane som brukast som forståingsramme for

røynda, ikkje tek omsyn til økonomiens naturmessige og menneskelege fundament.

Mennesket reduserast til ein modell og naturen til produksjonsfaktor.

Frihandel er eit viktig prinsipp innanfor moderne økonomi. Grunnleggjarane av *økologisk økonomi* stiller spørsmål ved det. Adam Smith (1723-1790) (Store norske leksikon (SNL) 2016) er ein sentral person innanfor utviklinga av frihandel. Han levde for nesten trehundre år sidan. Då var ikkje verda prega av fri kapitalrørsle, rørsle av arbeidskraft, eksplosiv folketalsvekst eller økologisk belasting av miljøet. Han tok forgitt at det er i kapitalistars personlege interesse å bruke sin kapital på marknaden i heimlandet sitt, for å tene fellesskapets og offentlegheitas beste. Altså tok Smith høgd for at «kapitalisten» var ein god borgar som definerte si eigeninteresse i fellesskapsrelasjonar. «Kapitalisten» levde ikkje med transnasjonale selskap eller såg verdsøkonomien som sitt rette miljø (Daly og Cobb 1991, 235-45). Smith er òg kjend for å utforme omgrepene «den usynlege handa». Denne regulerer marknadskreftene slik, at når den enkelte handlar etter sine interesser, fører det til ein harmonisk tilstand som er til det beste for alle (SNL 2016).

Innanfor *økologisk økonomi* er ein kritisk til korleis moderne økonomi har vekse fram. For det fyrste at naturvitenskapen er for snever i sitt forsøk på å syne korleis økonomi, menneske, kultur og natur heng i hop. For det andre at viktige prinsipp innanfor t.d. frihandel vart utforma for lenge sidan, då verda såg annleis ut enn i dag.

### **2.2.2 Negative konsekvensar med frihandel**

Dei som sluttar seg til *økologisk økonomi* stiller ikkje berre spørsmål ved premissane og strukturane for frihandel slik me såg ovanfor, men dei peikar òg på negative konsekvensar ved korleis denne fungerer i praksis.

U-land rammast hardast av dei negative konsekvensane ved den frie marknaden (Daly og Cobb 1991, 246-7). Som døme kan ein vise til at løningar utjamnar seg PGA dagens høve for mobilitet. Med dette meinast det at arbeidskraft kan bevege seg dit kapitalen er, og konkurrere om høgt-løna jobbar. På denne måten tvingast løningane ned. I tillegg kan kapitalen flytte dit det er arbeidskraft, og slik presse låge løningar opp. Forsvararane av frihandel seier at dette er noko av det positive ved frihandel.

Akademikarar bak *økologisk økonomi* ser dette annleis. Dei ser på heilskapen, og finn då negative konsekvensar ved dette. Dei som sit med kapitalen tener seg rikare på at kapitalen er mobil. Investorar kan tene eigne individualistiske mål utan å ta omsyn til fellesskapet, ved å flytte produksjonen dit det er billigast. Det er problematisk at dette ofte skjer på stadar der løningane er låge, miljøvernet mangefullt og sosiale velferdssystem ikkje eksisterer (Daly og Cobb 1991, 255-8). Ved fridomen til å flytte kapitalen, kan investorar heile tida finne stadar der arbeidskrafta er billigare og vilkåra for investering er meir lønsam.

### **2.2.3 Kritisk til økonomisk vekst**

I *økologisk økonomi* er dei forståing om at vekst er destruktivt for naturleg kapital, då denne ikkje kan erstattast. I moderne økonomi er ein økonomi sunn når han er i vekst. Då seiast det at ein m.a. har høve til å skape auka velferd i samfunnet. Det vil koste oss meir på sikt, hevdar forkjemparane for *økologisk økonomi* (Constanze m.fl 1997, 111-3). Forbetring av velferd og livskvalitet kan enten kome ved å auke mengda av energi og naturressursar gjennom økonomien for å auke BNP. Eller ved å utnytte meir av kvar eining av energi og naturleg kapital. Den fyrste måten er vekst, og den andre er utvikling. *Økologisk økonomi* fremjar utvikling heller enn vekst, grunngjeve ved at vekst er ei av kjerneutfordringane for sosiale og miljømessige problem.

Grøn økonomi, som operer innanfor rammene av moderne økonomi, og *økologisk økonomi* har ulike målsetjingar knytt til vekst. Grøn økonomi aksepterer moderne økonomi sin tradisjonelle vekst for å handtere problem knytt til samfunn og miljø på kort sikt. Det langsigktige målet er å gjere økonomien meir grøn for å redusere negative symptom mest mogleg. *Økologisk økonomi* fremjar ikkje vekst i det heile. Målet på både kort og lang er sikt å redusere forbruk. Forkjemparane for *økologisk økonomi* vil hevde at grøn økonomi si tilnærming til vekst berre opprettheld problemet. Dette understrekar skilnaden på svak og sterk berekraft.

### **2.2.4 Problematisk med mekanisk forståing**

Det fjerde problemet *økologisk økonomi* peikar på, er ei mekanisk forståing av jordkloden og liver her. Ei mekanisk forståing ser at einingar og aktørar er sjølvstendige krefter som samhandlar for å tene sitt eige beste. Det er underforstått at ein kan kalkulere naturen ved med deterministiske årsakssamanhangar. Altså er organisasjonar og marknaden sjølvstendige

einingar der profittmaksimering og eigennytte er drivkraftene. Kreativitet, spontanitet og personleg utvikling er utelukka (Jakobsen og Storsletten 2014). Ei slik forståing av den fysiske verda bidreg til å degradere naturens plass i økonomisk praksis, hevdar forkjemparane av *økologisk økonomi* (Daly og Cobb 1991, 214+16). *økologisk økonomi* innehar ei organisk forståing av verda og livet. Det vil seie å forstå jordkloden som livsopprethaldande og delt mellom mange ulike artar. Jorda er ikkje passivt materie som ventar på at menneske skal utvikle potensiale og hente ut naturleg kapital.

Dette kan illustrerast gjennom eit døme som handlar om sinking av brensel, og som syner skilnaden mellom naturleg kapital og fabrikkert kapital. Millionar av menneske får ikkje tak i nok brensel (naturleg kapital) til matlaging. Moderne økonomisk teori vil seie at dei manglar pengar til å kjøpe det, heller enn at det ikkje finst tilstrekkeleg med brensel. Vidare vil økonomisk teori hevde at dette ikkje er noko problem, då ein kan erstatte tre med t.d. kol. Innanfor *økologisk økonomi* vil ein poengtere at moderne økonomi fremjar at dersom det er nok kapital, finst det ikkje mangeltilstand. Den bakanforliggende tanken er at alt fysisk består i materie som opparbeidast av produksjon, brytast ned gjennom forbruk, gjenoppbyggast ved produksjon osb., slik at ingenting brukast opp men får ein annan form (fabrikkert kapital). Men, når ein veit om dei miljøkrisene verda står ovanfor, med mangel på naturleg kapital og eit aukande forbruk, kan ein ikkje halde fram med denne måten å tenkje på (Daly og Cobb 1991, 218+22).

### **2.2.5 *Homo economicus* og feilslutningar**

Innanfor *Økologisk økonomi* er ein oppteken av heilskap og difor varsam i bruk av forenkla modellar. I klassisk økonomi omtalst mennesket som *homo economicus*. Dette er ein abstraksjon av det levande mennesket, altså ein forenkla modell av røynda. I tråd med det me såg Whitehead kritisera moderne økonomi for, åtvarar *økologisk økonomi* mot at dette leier til feilslutningar som kan ha store konsekvensar (Daly og Cobb 1991, 104-115).

Akademikarar innanfor *økologisk økonomi* er kritisk til nokre forståingar av menneske som *homo economicus*. For det fyrste at *homo economicus* har behov som kan tilfredsstilla ved hjelp av å forbruke det som er tilgjengeleg på marknaden (Daly og Cobb 1991, 106). For det andre at *homo economicus* ekstremt individualistisk. Økonomane tek ikkje høgd for at menneske t.d. har omsorg for andre eller kan vere misunnelege (Daly og Cobb 1991, 105-6).

Men, det finst mange undersøkingar som syner at det levande menneske bryr seg om fellesskapet og investerer i det (Daly og Cobb 1991, 109-10).

Det *økologisk økonomiske* poenget er, at homo economicus ikkje er tilfredsstillande nok i å representera det levande mennesket (Daly og Cobb 1991, 106-7) Ein av grunnane er at økonomane meiner homo economicus har eit umetteleg behov for varer. Dersom dette var tilfelle for det levande mennesket, hadde ein ikkje trengt aggressiv og behovsstimulerande reklamering. Slik kan forbruken oppretthaldast. Ein annan skremmande konsekvens av å forstå menneske som homo economicus, er at dei då vurderast utifrå tinga dei eig (Daly og Cobb 1991, 111-12).

### **2.2.6 Kritisk til å tilfredsstille behov med varer**

*Økologisk økonomisk* tenking er opptekne av at å imøtekome behov for intellektuell, fysisk og emosjonell kontakt, ikkje krev salbare varer frå marknaden (Ekins og Max-Neef 1992, 188). Dersom ein set det på spissen, kan det verke som om ein har denne oppfatninga innanfor moderne økonomi. Det vil forkjemparane for *økologisk økonomi* ta eit oppgjer med.

Det er ei forståing innanfor *økologisk økonomi* at det moderne økonomiske systemet forårsakar ei negativ medmenneskeleg utvikling. Dette handlar om undertrykking av visse biologiske, sosio-kulturelle og psykologiske menneskelege behov. Når naturlege kanalar for å møte slike behov blokkerast, finn menneske andre kanalar for å tilfredsstille desse behova som har negativ verknad på samfunnet og naturen. Forsking har synt at når behov for emosjonell og fysisk kontakt ikkje vert møtt, gjev dette grobotn til drifter som makt, dominans og vald, samt forbruk og eigarskap av ting. Innanfor *økologisk økonomi* trur ein at det kan vere noko av grunnen til den valdsame auka i forbruk blant rike, men emosjonelt underernærte (Ekins og Max-Neef 1992, 181-3+85).

### **2.2.7 Oppsummering**

*Økologisk økonomi* peikar på fleire utfordringar med det moderne økonomiske systemet som forårsakar miljø og samfunnsproblem, og opprettheld ei svak berekraft. I hovudsak handlar problemforståinga om at grunnleggande strukturar i den moderne økonomien er bygd på feil grunnlag.

## **2.3 Løysingsforslag**

*Økologisk økonomi* gjev fleire løysingar til korleis ein kan bidra til å skape rettferdig ressursfordeling og berekraftige samfunn. I denne delen av oppgåva vil eg legge fram løysingar på dei seks utfordringane eg skildra i den fyrste delen av kapittelet.

### ***2.3.1 Bygge økonomiske system basert på grunnleggjande behov***

Den fyrste utfordringa eg skildra var at premissane og strukturane for korleis moderne økonomi er bygd opp, bidreg til å oppretthalde skeiv ressursfordeling, overforbruk og svak berekraft. For å nå visjonen om eit meir rettferdig og berekraftig samfunn, fremjar altså *økologisk økonomi* endring i dei økonomiske strukturane. Max-Neef har gått grundig til verks for å forstå samanhengen mellom menneskelege behov, økonomisk vekst og livskvalitet. Hans bodskap er at, dersom ein ynskjer å undersøkje livskvaliteten i eit samfunn, må ein forstå i kva grad menneskelege behov er tilfredsstilt i det samfunnet (Max-Neef 1991). Hovudpoenget hans, er å syne at menneske ikkje har grunnleggande behov for økonomiens varer og produkt. Økonomi er ikkje eit mål i seg sjølv for god livskvalitet, men eit middel for å nå målet. Målet i seg sjølv, er å tilfredsstille grunnleggande menneskelege behov (Constanze m.fl. 1997, 144).

Gjennom arbeidet med dette syner Max-Neef at menneske av og til forsøker å tilfredsstille eit behov med feil middel. Det vil seie at menneske brukar eit element for å tilfredsstille behov, som genererer ei falsk kjensle av tilfredsstilling. Over lang tid kan det til og med annullere behovet for å tilfredsstille det gjevne behovet. Desse er som oftast introdusert gjennom propaganda, reklame eller andre måtar å overtale folk på (Max-Neef 1991, 31+5). Han gjev nokre døme for å tydeleggjere kva han meiner, ved å skrive at mote og sosial status tilsynelatande tilfredsstille behovet for identitet, eller at over-utvinning av naturressursar tilsynelatande tilfredsstiller behovet for livsopphald.

Svaret på utfordringar knytt til premissane og vilkåra for moderne økonomi, er i følgje *økologisk økonomi*, å bygge økonomiske system basert på kva menneskelege behov.

### ***2.3.2 Forbetring av frihandel***

Den andre utfordringa med moderne økonomi eg nemnde ovanfor er knytt til frihandel. *Økologisk økonomi* gjev ei rekke døme på korleis ein kan fremje meir avbalansert handel, skattlegge middelklassa på ein hensiktsmessig måte, regulere u-lands økonomiske lån frå i-

land, samt å hindre store straumar av pengar (Daly og Cobb 1991, 257-260). Deira hovudbodskap er, at avbalansert og rettferdig handel må skje mellom nasjonale samfunn, og ikkje gjennom individ eller selskap som tener sitt eige beste (1991, 257-8+261).

For å sikre meir avbalansert frihandel, er det viktig at heile produksjonsprosessen av varer er berekraftig og rettferdig. Innanfor *økologisk økonomi* hevdar ein at forbrukarar har eit individuelt medansvar i denne prosessen. Det er viktig at forbrukarar har tilgjengeleg kunnskap om dei sosiale-, helse- og miljømessige verknadane av produksjonsprosessar (Jakobsen og Storsletten 2016, 32-3). På kortsikt er målet altså å legge til rette for forbruk av produkt som fremjar rettferdig og miljøvenleg produksjon, og som i tillegg fremjar god livskvalitet. På lang sikt er målet å integrere produksjon i livskraftige samfunn med mangfald, høg livskvalitet og berekraftig natur.

*Økologisk økonomi* gjev ikkje fasiten på korleis det skal gjerast, men forslag til forbetring. Frihandel har nokre negative konsekvensar gjennom å setje fellesskapet til side, til fordel for individualismen. Akademikarar innanfor *økologisk økonomi* seier tydeleg at det beste er å styrke det nasjonale fellesskapet, og utifrå dette utvide fellesskapet med gjensidige og rettferdige vilkår for løn, velferd, folkekontroll, miljøvern og vern om naturen (Daly og Cobb 1991, 263-4).

### **2.3.3 Utvikling heller enn vekst**

Den tredje utfordringa eg presenterte ovanfor handla om problematiske sider ved økonomisk vekst. Innanfor *økologisk økonomi* er det ei forståing av det er tydelege økonomiske avgrensingar for vekst p.g.a. avgrensa mengde naturleg kapital, og at det finst uana potensiale i utvikling. Med utvikling meinast, som nemnd, å forbetre teknologien til å utnytte kva eining av naturleg kapital meir effektivt. Det finst grenser for utvikling òg, men ikkje like tydelege. Mange meiner at det finst enorme høve og metodar for meir effektiv utnytting av ml.a. energi og vatn (Constanze m.fl. 1997, 111-3).

For å finne løysingar som fremjar utvikling heller enn vekst, trengst det berekraftige og robuste framgangsmåtar. Då er det behov for retningslinjer som strekkjer seg utover eit så vidt spekter som mogleg, for å nå framtidige berekraftige mål (Constanze m.fl. 1997, 115). Filosofen John Rawls (1921-2002) er mest kjend for sin rettferdsteori om fellesskap og

demokrati. Innanfor dette hevdar han at mest mogleg etisk konsensus mellom interessegrupper, på tvers av majoritetar og minoritetar, er mest hensiktsmessig for politiske avgjerder. Difor trengs dette for å skape politiske avgjerder for sterk berekraft. Vanlege politiske avgjerder er oftast avgjord av majoriteten, og dette skaper konflikt då minoritetar gjerne brukar mykje energi på å kjempe i mot slike avgjerder.

Vidare hevdar dei at eit berekraftig system har berekraftig inntekt, dei har altså element av sterk berekraft (Constanze m.fl. 1997, 116). Det finst forbruk som kan halde fram på ubestemt tid, utan å degradere den naturlege kapitalen. Berekraftig naturleg kapital, yter av seg sjølv. T.d. reformerer fisk og tre seg sjølv, slik at det vert ein naturleg straum av kapital. Resirkulering av avfall og vatn kan òg reknast som naturleg kapital. Naturleg kapital er avhengig av at økosystemet fungerer, og at me difor vernar om naturen.

For å oppnå sterk berekraft heller enn økonomisk vekst, må me integrere vern om naturleg kapital inn i våre økonomiske og sosiale system.

#### **2.3.4 *Organisk forståing heller enn mekanisk forståing***

Det fjerde punktet i *økologisk økonomi* si problemforståing, handlar om faren ved å ha ei mekanisk forståing av livet på jorda. *Økologisk økonomi* tilbyr ei organisk forståing av jorda og livet her. Når ein ser på verda som aktiv og levande, med energi som resulterer i naturleg kapital, vert det vanskelegare å hevde at ein kan substituere naturressursar (fabrikkert kapital) med noko anna i det uendelige (Daly og Cobb 1991, 224+27-8). Alt i naturen kan behandlast som energi. Tre og kol, fugl, kval og mennesket. Heile biosfæren er eit samfunn, eller eit samfunn av samfunn. Heilskapen er summen av delar, individ og separate eininger som lever i relasjon. Det *økologisk økonomiske* poenget er at alt er avhengig av kvarandre, og at me difor må verne om alle økosistema i naturen. Menneskeleg kapital og pengar kan ikkje erstatte utrydda artar eller naturleg kapital (Jakobsen og Storsletten 2016, 35).

Vona er å sjå ei slik organisk forståing i økonomien, heller enn ei mekanisk forståing, slik at biosfærens og alle artars ve og vel vert eit mål i seg sjølv.

### **2.3.5 Mennesket-i-fellesskap heller enn homo economicus**

Den femte utfordringa handlar om faren ved å vurdere menneske som homo economicus. Problemet er at det kan leie til alvorlege feilslutningar i røynda. *Økologisk økonomi* har ei forståing av menneske som noko meir enn homo economicus, sjølv om dei ser likskapar mellom levande menneske og homo economicus (Daly og Cobb 1991, 186-88). Mennesket er individ med individualistiske trekk som søker å tilegne seg eigne godar. Men det er òg individ som lever i fellesskap og relaterer seg sympatisk til menneske rundt seg. Ved overdriven bruk av individualistiske modellar for å anbefale strategiar, svekkjer ein dei eksisterande sosiale relasjonane som finst. Når slike modellar ikkje tek omsyn til dette, kan dei heller ikkje gje forståing av øydelegginga det skaper. *Økologisk økonomi* foreslår at homo economicus må utvidast til mennesket-i-fellesskap.

Ei *økologisk økonomisk* forståing av mennesket, er altså at dei lever i fellesskap. Økonomien må difor vere ein fellesskapets økonomi som fremjar fellesskap på fleire nivå. Det finst utfordringar ved å innføre ein slik økonomi. M.a. at nokre statar er så store at regjeringa er fjern frå folket, slik at det er vanskeleg for deltagarane å delta i avgjerder. Dei støttar difor ein desentralisert økonomi (Daly og Cobb 1991, 196+98-99).

For å unngå feilslutningar, fremjar *økologisk økonomisk* tenking å sjå menneske som meir enn homo economicus, altså som menneske-i-fellesskap.

### **2.3.6 Tilfredsstille ekte behov**

Den sjette og siste utfordringa med moderne økonomi, er at den baserast på at menneske kan tilfredsstille behov på marknaden. Innanfor *økologisk økonomi* er det ein tanke om at utvikling av økonomiske system burde baserast på menneskelege behov. Ein slik prosess krev at menneske frigjer tankane sine frå hindringar som grådigheit, dominans, splittingar, og frykt for at andre menneskes autonomi hindrar vår stabilitet. Slik at ein kan lære å tilfredsstille sine behov på ein meir hensiktsmessig måte. Ved å frigjere tankane frå slike hindringar, kan hjernen lære nye måtar å forstå røynda på, som fremjar fridom, likskap og effektivitet i økonomien (Ekins og Max-Neef 1992, 192). Her følgjer døme på praksis som fremjar ein slik prosess:

- Utdanningssystem som aukar menneskets medvit om høve og restriksjonar i naturen og samfunnet.
- Auke kunnskap om sirkulær økonomi på lokalt og globalt nivå, og konsekvensane av økonomisk aktivitet på eit nivå for eit anna nivå.
- Promotere etisk forretningsverksemd med tanke på natur.
- Opprette marknadar der produsent og kunde har full tilgang på informasjon.
- Organisering av samfunnet til å verne medlemane frå vald og korruption.
- Legge til rette for fri interaksjon av emosjonell, fysisk og intellektuell kommunikasjon.

(Ekins og Max-Neef 1992, 192)

Eit samfunn som fremjar å tilfredsstille behov gjennom kjøp av varer, har mange negative konsekvensar. Difor er det eit fokus innanfor *økologisk økonomi* å finne fram til kva som tilfredsstiller ekte behov. Dette underbygger kritikken til frihandel og overforbruk av ressursar som eg har nemnd tidlegare.

### **2.3.7 Oppsummering**

Etter å ha lagt fram forslag til løysingar på problematiske sider av det moderne økonomiske systemet, kan det sjå ut som det *økologisk økonomiske* prosjektet er å integrere nye haldningar og definisjonar inn i moderne økonomi. Dei som jobbar med *økologisk økonomi* har utforma fleire konkrete forslag til korleis endra strukturar og forståingar kan legge til rette for meir rettferdige og berekraftige samfunn.

## **2.4 Oppsummering**

*Økologisk økonomi* peikar på fleire utfordringar med korleis det moderne økonomiske systemet er bygd opp. Fokuset på vekst og effektivisering i dagens økonomi er ikkje berekraftig. Det er behov for ei ny forståing av økonomi som fremjar sterk berekraft. *Økologisk økonomi* kan vere ei mogleg løysing på denne endringa. Det trengs ei haldningsendring der økonomien er eit middel for å oppnå god livskvalitet for alle menneske, heller enn at økonomi er målet i seg sjølv. Slik kan ein fremje rettferdige og berekraftige samfunn.

### 3 Nattverdens økonomi

Litteraturen innanfor *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* gjer oss merksame på manglande berekraft og skeiv ressursfordeling. I tillegg gjev dei moglege forslag til korleis ein kan jamne ut urettferdig ressursfordeling og bidra til å skape meir berekraftige samfunn. I dette kapittelet gjer eg greie for kva eg meiner med *nattverdens økonomi* og denne retninga som ei strøyming innanfor postsekulær politisk teologi. Den største delen av kapittelet handlar om korleis teologar innanfor *nattverdens økonomi* skildrar samfunnsproblem knytt til urettferdig ressursfordeling og manglande berekraft. Deretter følgjer moglege løysingar på desse utfordringane.

#### 3.1.1 *Nattverdens økonomi: ei strøyming innanfor postsekulær politisk teologi*

Det er ein pågåande diskusjon innanfor kyrkja om korleis den offentlege og politiske framferda skal forståast i samtidia. Den postsekulære teologien tek høgd for at kyrkja eksisterer i eit pluralistisk samfunn med ulike aktørar (Eckerdal 2012, 178). Denne strøyminga tek teologien som utgangspunkt for å forstå politikken utifrå sitt kristne perspektiv. Slik kan han gje ei alternativ skildring til korleis kulturen og samfunnet er. *Nattverdens økonomi* er ei strøyming innanfor den postsekulære teologien.

Den postsekulære politiske teologien har tre kjenneteikn. For det fyrste er det ein ny type teologi som fokuserer på kyrkja som sjølvstendig politisk aktør. Med politisk meinast det ikkje makkampen for kontroll over sosial endring, men heller kyrkjas praksis som ein alternativ politikk i seg sjølv (Rasmussen 1995, 17). At kyrkja er politisk tyder altså at kyrkjas praksis bør ha sosial verknad på omgjevnadane. Kyrkjas politikk handlar om at den bibelske forteljinga, misjon og disippelskap har noko å seie for samfunnet (Rasmussen 1995, 20).

For det andre er den postsekulær. Med postsekulær meinast at samfunnet no er prega av pluralisme som dreg menneske i mange retningar. Det verkar òg inn på religion. Ein kan finne overtydingar, vanar og meininger frå filosofi, psykologi og populær kultur innanfor religiøse samfunn. Kyrkja eksisterer difor i ei røynd der religiøse institusjonar har svekka autoritet og det finst polariseringar innanfor kyrkja. Samstundes viser undersøkingar at menneske har behov for å tru på noko, og at tru og religion er relevant og aktuelt i det postsekulære samfunnet (Hunter 2013, 1067-9). Den postsekulære teologien er altså ein teologi som ikkje

nøyer seg med at teologien berre skal handle om trua sitt indre liv. Den vil òg vere relevant for kulturen og samfunnet i sin heilskap, inkludert økonomi, som er tilfellet i denne oppgåva.

For det tredje er den postsekulære politiske teologien ei retning med opphav i den neo-anabatistiske strøyminga, som er inspirert av m.a. Stanley Hauerwas (1940-) (Eckerdal 2012, 178). Han er tidlegare professor i teologisk etikk ved Duke University og Catholic University of Notre Dame. Han er metodist som verdset katolisisme høgt, då med særskild tanke på katolsk nattverdsfeiring (Rasmussen 1995, 23-4). Kyrkja, i hans forståing, kjenneteiknast ved å vere eit annleis fellesskap prega av kjærleik, gjestfridom og rettferd. Gjennom å leve ut eit slikt fellesskap, kan kyrkja syne eit bilet av Guds rike for verda (Fagermoen 2014, 30-1). Hans teologiske bidrag har påverka strøymingar utanfor hans eigen tradisjon. Personar innanfor m.a. anglo-katolisisme, romersk katolisisme og luthersk teologi støttar hans posisjon og brukar det inn i eigne tradisjonar (Rasmussen 1995, 21-2). Den neo-anabatistiske strøyminga innanfor postsekulær politisk teologi handlar om korleis samfunnet kan endrast gjennom kyrkjas praksis.

William T Cavanaugh og Patrik Hagman er to teologar som er inspirert av Hauerwas sitt arbeid. Dei har teke hans posisjon inn i høvesvis katolsk og luthersk tradisjon, og kan reknast som neo-anabaptistar (Fagermoen 2014, 30). Cavanaugh og Hagman representerer den strøyminga innanfor neo-anabaptisme som eg har vald å kalle *nattverdens økonomi*, basert på Cavanaugh si bok, *Nattverdens økonomi* (2013). I det følgjande presenterer eg desse teologane med sine forfattarskap.

#### *William T. Cavanaugh*

Professor i teologi, William T. Cavanaugh jobbar ved DePaul University i Chicago. Han er anerkjent for sitt arbeid innanfor kyrkjas møte med den politiske, sosiale og økonomiske røynda. Hans arbeid er særleg sentrert rundt tema som kyrkjas politiske og sosiale nærvær i møte med vald og økonomisk urett. Han har særleg interesse for korleis tradisjonell katolsk tru og praksis møter samfunnet, ved at dei kroppsleggjer og informerer kristen politisk deltaking. Nattverden er eit døme på ein slik praksis (DePaul 2016). Han har skrive fleire bøkar, ml. a. *Theopolitical Imagination: Discovering the Liturgy as a Political Act in an Age of Global Consumerism* (2002), *Torture and Eucharist: Theology, Politics and the Body of Christ* (1998) og *Field Hospital: The Church's Engagement with a Wounded World*

(2016). I boka *Nattverdens økonomi* (2013) gjev han døme på kva kyrkja kan gjere for å yte motstand mot urettferdige økonomiske strukturar, ved å bruke nattverdens fellesskap som døme. Cavanovaigh forsøker å syne korleis dette heng i hop med våre individuelle val i kvardagen (Cavanaugh 2013, omslaget). Det er boka, *Nattverdens økonomi*, eg fokuserer på i denne oppgåva.

#### *Patrik Hagman*

Patrik Hagman er teolog og forskar ved Åbo Akademi i Finland. Han underviser i etikk og religionsfilosofi. Politisk teologi og askese i den tidlege kristne kyrkja er hans spesialfelt. Han har skrive fleire bøkar ml. a. *The Asceticism of Isaac of Nineveh* (2010) og *Efter folkkyrkan. En teologi om kyrkan i det efterkristna samhället* (2013). Boka *Om kristen motstand* (2012), brukar eg i denne oppgåva. Her samanliknar han dei fyrste kristne sin motstand mot det romerske imperiet, med kristen motstand i vår tid. Han syner at kristent disippelskap er aktuelt i møte med globale utfordringar som miljøvern og sosial rettferd. Han òg er oppteken av fellesskapet i nattverden som døme på korleis kyrkja er annleis frå det sekulære samfunnet (Hagman 2012, omslaget).

#### **3.1.2 Generelt om nattverdens økonomi**

*Nattverdens økonomi* er altså ei strøyming innanfor postsekulær politisk teologi. Den fokuserer på korleis kristne kan bringe nattverdsfellesskapen ut i kvardagen gjennom konkrete praksisar. Cavanovaigh skildrar at nattverden snur opp ned på forbrukarkulturen. Han byrjar ikkje med mangel, men med Jesus som kom for å gje oss liv. Det er dette som meinast med ordet økonomi i denne samanhengen (Cavanaugh 2013, 73+115-6). I staden for å berre forbruke Guds kropp, vert me fortært av hans nåde. Sjølve handlinga i nattverden handlar ikkje om varer som er til for privat forbruk, men mat som delast i fellesskap. Hagman supplerer med at overfloda av nattverden dei fyrste kristne feira, gjekk til dei fattige. I tillegg til å vere ei løysing på eit praktisk problem, syner dett kva som var tenkt med overflod (Hagman 2012, 129).

Cavanaugh og Hagman brukar omgrep som «forbrukarkultur», «økonomi», «mangel» og «overflod» i forståinga av nattverden. Dette er økonomiske omgrep som fortel om korleis me lever, og haldninga kristne bør ha til livet. Omgrepet *nattverdens økonomi* er difor passande

for å skildre deira bidrag til korleis kristne kan bidra til å realisere *økologisk økonomi* sin visjon om eit meir berekraftig og rettferdig samfunn.

## 3.2 Problemforståing

Teologar innan *nattverdens økonomi* ser fleire problematiske trekk med samfunnet me lever i. Det interessante er, at dei peikar på mange av ei same problema *økologisk økonomi* identifiserer. I hovudtrekk handlar dette om at forbrukarkultur påverkar, styrer og manipulerer forbrukarar og produsentar. Det får negative konsekvensar for enkeltmenneske og naturen. Som me tidlegare har sett, har dette samanheng med *økologisk økonomi* si problemforståing. Teologane innanfor nattverdens økonomi meiner at me må lære å yte motstand mot desse destruktive kreftene i samfunnet. Eg vil presentere *nattverdens økonomi* sin kritikk mot den frie marknaden og forbrukarkultur.

### 3.2.1 Kritikk av den frie marknaden

Den frie marknaden gjev grobotn til forbrukarkulturen. Representantar for *nattverdens økonomi* kritiserer fleire aspekt ved den frie marknaden som bidreg til at menneske forvillar seg inn i overforbruk. Eg vil presentere tre punkt som samanfattar *nattverdens økonomi* sin kritikk.

#### Vitskap om mangel

Cavanaugh presenterer eit interessant syn på marknadsøkonomien, når han skriv at økonomi er vitskapen om mangel (Cavanaugh 2013, 110-12). Med dette meiner han at økonomi er basert på at menneske ikkje har nok og stendig vil ha meir. Handel føreset ein tilstand av mangel på ressursar, eller ein svolt etter noko meir. Menneskeleg begjær er uendeleig.

Cavanaugh viser til Augustin, som seier at problemet ligg i å begjære gjenstandar som ikkje tilfredsstiller, for hjarta kan berre finne kvile i å dyrke lengselen etter Gud.

Det er ei forståing innanfor *Nattverdens økonomi* at det ikkje er manglande ting som gjer at menneske ikkje er tilfredsstilt. Det handlar heller om ei manglande evne til å dyrke sin lengsel etter Gud. Marknaden spelar på at menneske vert lurt til å tru at dei alltid manglar noko, og at ein kan tilfredsstille dette ved å handle ting. Her kan me sjå likskapar til forståinga innanfor *økologisk økonomi* om at menneske søker til feil kjelder for å tilfredsstille behov.

### ***Adam Smith – den usynlege handa***

Tidlegare har eg skrive om korleis akademikarar innanfor *økologisk økonomi* er skeptiske til at moderne økonomi bygger på teori frå m.a. Adam Smith. Grunnen til det er at han levde for over tre hundre år sidan. Denne skepsisen finn me att i *nattverdens økonomi*. Cavanaugh skriv at i følgje Adam Smith har marknaden ein regulerande funksjon. Han har ei nærast ironisk haldning til Smiths teori om marknadens «usynlege hand». Han er skeptisk til at denne har kontroll på økonomisk aktivitet, slik at menneske sine egoistiske kjøp og forbruk på mirakuløst vis endar opp til det felles beste. Mekanismen «tilbod og etterspørjing» skapar konkurranse mellom eigennyttige individ som produserer og konsumerer varer samfunnet treng. Dette skal i følgje Smith, regulere dei rette prisane, med tilstrekkeleg sysselsetjing til alle med dei rette løningane. Gjennom auka forbruk lovar marknaden ei forventa overflod til alle, i følgje Smith (Cavanaugh 2013, 112-3). I følgje teologane bak *nattverdens økonomi*, lurar me oss sjølve til å tru at eige forbruk mettar andre, når det i realiteten ikkje gjev rettferd til den svoltne (Cavanaugh 2013, 114).

### ***Marknadsføring***

Marknadsføring presenterast som eit tilbod til ålmugen om informasjon om produkt. Poenget er at forbrukarar då kan ta sjølvstendige og informerte val. Forbrukaren vert forstått som rasjonell herre over eigne val og føremål (Cavanaugh 2013, 30-3). Men, Cavanaugh viser til bruk av psykologisk forsking som syner korleis ein kan skape begjær ved å appellere til forbrukarens umedvitne impulsar. Ved å assosiere produkt med stemningsfulle bilete og verdiar som ikkje eigentleg er knytt til produktet, kan ein oppretthalde kjenslemessige band mellom forbrukar og produkt. Denne måten å manipulere forbrukaren på kritisera innanfor *nattverdens økonomi*.

Dei som sluttar seg til *nattverdens økonomi* har her gjort oss merksame på fleire negative konsekvensar ved strukturen i den frie marknaden. Hovudbodskapen er å minne forbrukarar om å vere medvitne om at det finst krefter i den frie marknaden som forsøker å kontrollere forbruk og manipulere til overforbruk.

#### **3.2.2 Kritikk av forbrukarkultur**

Det er visse aspekt ved forbrukarkultur som oppmodar oss til å kjøpe mest mogleg. Teologane innanfor *nattverdens økonomi* ser dette som ein av grunnane til overforbruk av naturressursar

som forårsakar skeiv ressursfordeling og hindrar berekraftige samfunn. Som me har sett tidlegare, er dette òg ei utfordring *økologisk økonomi* tek opp. I det følgjande vil eg samanfatte to av desse aspekta.

### **Når forbruk vert viktigast**

*Nattverdens økonomi* åtvarar oss om at forbruk er ei av dei viktigaste drivkraftene i samfunnet vårt. Dette er noko av det som skapar problem både menneske og naturen utsetjast for (Hagman 2012, 69). Målet er ikkje å hevde at handel i seg sjølv er faretrugande, men at problemet oppstår når forbruket får rolla som det viktigaste i liva våre. Då innrettar me liva og begjæret etter forbruket, slik at det tek kontroll over våre lengslar og ynskje. Her ser me igjen parallellear til teorien innan *økologisk økonomi* sin om å dekke grunnleggande behov.

### **Lettsindig avstand til ting**

Ein hovudkritikk til forbrukarkulturen, innanfor *Nattverdens økonomi*, er at menneske i vestlege land har ein lettsindig avstand til tinga sine. Cavanaugh sin motivasjon for å diskutere forbruk, handlar om den grunnleggande evna konsumentkulturen har til å gjere alt til ei vare som kan kjøpast eller seljast. (Cavanaugh 2013, 50-1). Menneske kastar tinga sine for fort og kjøper for mykje nytt. Dette tydar på at folk har ein lettsindig avstand til tinga sine. Med det meinast å ha ein kortvarig relasjon til ting med ei stendig misnøye. Dette skapar eit rastlaust jag etter tilfredsstilling i form av noko nytt.

Det finst ein annan fare ved å ha lettsindige avstand til tinga våre, nemleg uvit. Mykje produksjonen av daglegdagse ting skjer under harde vilkår og ved utnytting av menneske i fattige land. Arbeidskraft har òg vorte ei salsvare der kostnadane må minimerast. Eit døme på dette er å flytte produksjon til stadar der lønningane er låge og arbeidaranes rettar få (Cavanaugh 2013, 53+56-62). Som nemnd er dette òg er ein kritikk av moderne økonomi frå eit *økologisk økonomisk* perspektiv. Menneske tek nok ikkje medvitne val om eit behageleg liv på kostnad av andres. Men det skjer som eit resultat av ei lettsindig tilknyting til produkt og produksjon (Cavanaugh 2013, 56-63). Sjølv om me ynskjer å vite korleis produkta våre er produsert, er det vanskeleg å få tak i denne informasjonen. Teologane bak *nattverdens økonomi* er undrande til grunnen for dette. Det kan vere mogleg at me godtek dette systemet, av di avstanden er så stor og at me vert hindra i å lære kvar produkta våre kjem frå.

*Nattverdens økonomi* skildrar ei samfunnsendring som rota til utfordringar knytt til overforbruk. I dagens samfunn kjøper folk det meste, heller enn å produsere sjølv. Det er ein auka avstanden mellom forbrukaren og produksjonen av produktet (Cavanaugh 2013, 112-14). Me jaktar på nye ting som kan tilfredsstille begjæret etter å kvitte oss med ubehag. Denne forbrukarkulturen verkar viktigare for oss, enn å skape endringar i forbruket. Teoretikarar for *økologisk økonomi* foreslår òg medvitne forbrukarar som svar på problem knytt til overforbruk. Tilfredsstille behov ved hjelp av varer, er dei òg samde om at er utilstrekkeleg.

### **3.2.3 Oppsummering**

Problemforståinga innanfor *nattverdens økonomi* handlar om kritikk av forbrukarkultur, den frie marknaden og den falske kjensla av fridom dette gjev. Me har sett fleire likskapar til *økologisk økonomi* si problemforståing når det gjeld overforbruk og forbrukarkultur. Men *nattverdens økonomi* skil seg likevel litt frå *økologisk økonomi*, ved å ha meir fokus på relasjon til Gud og fridom til å leve i relasjon til Gud.

## **3.3 Løysingsforslag**

I *Nattverdens økonomi* (2013) skriv Cavanaugh at han vonar boka kan vere ei slags teologisk mikroøkonomilære om motstand mot dei negative verknadane moderne økonomiforståing skapar. Han meiner at kyrkja skal representera ein annan økonomi, som fremjar alternativ til verdas økonomiske system. Slik kan samfunnet verte meir rettferdig og berekraftig (Cavanaugh 2013, 8-10). Innanfor *nattverdens økonomi* snakkar ein om spesifikk kristen måte å gjere dette på. Denne har utgangspunkt i kyrkja med sin kristne praksis og kroppsleggjering av Jesus gjennom ulike praksistar. I det følgjande vil eg vise korleis *nattverdens økonomi* syner ein annan måte å leve på, som kan løyser utfordringane eg har skrive om ovanfor. Dette er ei anna tilnærming til samfunnsendring enn *økologisk økonomi* si strukturelle tilnærming. Eg vil presentere fire av løysingsforsлага ein kan finne innanfor litteraturen for *nattverdens økonomi*.

### **3.3.1 Å yte motstand**

Teologane for *Nattverdens økonomi* oppmodar kyrkja til å yte motstand mot etablerte samfunnsstrukturar, ved å bidra til å danne menneske til å yte motstand. Jesus og dei fyrste kristne er inspirasjon og døme på korleis kyrkja bør og kan skape endring.

*Nattverdens økonomi* ser Jesus ml. a. som politisk rebell. Han vart avretta av det romerske maktapparatet. Dei forstod Jesus som ein for samfunnet. Jesu motstand var ikkje væpna eller valdeleg opprør. Det er litt merkeleg at romarane ville avrette ein mann som oppfordra andre til å elske kvarandre (Hagman 2012, 16+18). «Jubelåret» eller «nådens år» er ein av grunnane til at Jesu motstand stakk så djupt (Hagman 2012, 16-8). «Nådens år» er ein jødisk tanke om eit jubelår om lag kvar femtiande år, der økonomien nullstillast. Jordeigedom skulle fordelast på nyt, slavar setjast fri og gjeld slettast. Slik skulle skilja i samfunnet nullstillast og maktforhold hindrast i å vere permanente. Det ser ut som at jubelåret aldri har vore praktisert. Dette var kanskje ein krass kritikk mot jødane. Jesus knytte uretten i verda til jubelåret, som han sjølv skal innsetje ved å etablere Guds rike. Slik vart han oppfatta som ein trugsel.

Innanfor *Nattverdens økonomi* brukast dei fyrste kristne sine handlingar for å motivere til å yte motstand mot strukturar i samfunnet som hindrar rettferd og berekraft. Dei kristne stakk seg ut i det romerske riket ved å tilbe sin Gud og nekte å tilbe romerske gudar. I tillegg levde dei ut fellesskapet Jesus hadde lært dei å leve. Desse to forholda uroa styresmaktene, som hadde ansvar for å verne om ro og orden (2012, 19-20) Det kristne fellesskapet var grunnleggande motstridande med det romerske hierarkiske samfunnet (Hagman, 2012 21-2). I det kristne fellesskapet var slavar, frie, menn, kvinner og menneske med ulik etnisitet samla og elska kvarandre. Dei fyrste kristne svekka det romerske imperiet innanfrå, ved å vere ubrukelege for det romerske statsapparatet (Hagman 2012, 33).

*Nattverdens økonomi* syner at ein mogleg kristen måtte å yte motstand på, er annleis enn sekulær eller sivil ulydnad. Ein skilnaden ligg i at kristen verksemd ligg resultatet i Guds hand (Hagman 2012, 25-6+32). Ein kan ikkje kontrollere eller ha oversikt over alle handlingar og konsekvensar. Det er nok noko alle er klar over. Men som kristen har ein ofte von om at Gud er med på å kjempe for det gode. Gud kjenner heilskapen. Det tyder sjølvsagt ikkje at kristne kan leve itru på at dei ikkje treng å vurdere konsekvensen av handlingane sine, men at det ligg ein tryggleik i tilliten til relasjonen til Gud som er bore av tru. For sekulære, kan dette vere kjelde til utryggleik, medan det for kristne kan gje von.

I *Nattverdens økonomi* viser ein altså til Jesu motstand. Kjærleksfellesskapen mellom dei fyrste kristne var så sterkt, at lærersveinane valde å leve det ut heller enn å bøye seg for styresmaktene. Menneske med kjærlege verdiar kan stå i mot presset frå eit samfunn, bidra til

å felle motstridande ideal, og endre samfunnsstrukturane innanfrå. Slik kan ein endre strukturar som hindrar rettferdig ressursfordeling og berekraftige samfunn.

### **3.3.2 Føremål med livet: å leve i relasjon til Gud**

Teologane innanfor *nattverdens økonomi* skriv om føremålet med menneskelivet og føremålet med livet i Gud, når dei diskutere økonomi frå ein teologisk ståstad. For kristne er ikkje nødvendigvis målet å vere for eller i mot marknadskapitalisme, frihandel eller globalisering. Fokuset bør heller ligge på om transaksjonar og handel faktisk er frie og positive for dei involverte partane. Det kan fremje menneskelivets føremål, som er eit liv i fellesskap med Gud som gjer oss verdi. Dette støttar dei seg på Augustin for å hevde (Cavanaugh 2013,8-10+22).

I *nattverdens økonomi* si forståing, er det samanheng mellom behov og føremålet med livet. Cavanaugh skriv at Augustin meiner at den sanne lengsel er lengselen etter Gud (Cavanaugh 2013, 24-5). Dette felles objektive føremålet med livet, er ein gjentakande tendens i *nattverdens økonomi*. Ein av konsekvensane av fri marknad er at fridomen vert maksimert i fråvær av eit felles føremål. Altså, at individ får høve til å fritt velje sitt eige føremål basert på eigne behov. Frå perspektivet til dei som sluttar seg til *nattverdens økonomi* rådar det skepsis til om denne valfridom faktiske gjev ekte fridom. Det er ei forståing innanfor denne strøyminga at fridom handlar om å ha høve til å leve i relasjon til Gud, ikkje å ha stor valfridom.

### **3.3.3 Nattverd**

Tidlegare i oppgåva har eg nemnd nattverden fleire gonger. Det er no på tide å gå djupare inn i kva Cavanaugh og Hagman faktisk legg vekt på i fellesskapen rundt dette sakramentet. Å leve ut nattverdsfellesskapen er ei løysing *nattverdens økonomi* gjev på samfunnsutfordringar som kjem med overforbruk og urettferdige samfunnsstrukturar.

#### **Nattverdsmåltidet**

For Cavanaugh og Hagman er det mange dimensjonar ved nattverden som lærer kristne å leve annleis enn det som er norma i samfunnet. Innanfor *nattverdens økonomi* legg ein stor vekt på det som skjer i nattverdsmåltidet. Det inspirer til meir berekraftig og rettferdig liv.

Ein av dimensjonane ved nattverden Cavanaugh legg fram, seier litt om kva type forbrukarar kristne bør vere. Nattverden er eit viktig samlingspunkt for kristne der Jesus gjev sin lekam og sitt blod. Den som tek i mot nattverden, tek opp i seg Guds kropp og vert samstundes teken opp i Kristi kropp. Mennesket vert fylt med Guds overflod og nåde, og innlemmast slik i den større heilskapen som er Kristi kropp (Cavanaugh 2013, 71-2). Kristus er både gåve, gjevar og mottakar. Kva som er «mitt» og «ditt» er ikkje vesentleg (Cavanaugh 2013, 117-18).

Nattverden fremjar rause forbrukarar som delar det dei har.

Ein annan dimensjon ved nattverden, er at den fremjar fellesskap og vernar om det individuelle særpreget samstundes. Cavanaugh brukar ein kombinasjon av Augustin og Paulus sine ord for å støtte opp om denne påstanden. Augustin seier at individet desentrerast i nattverden for å ta del i fellesskapen. Paulus seier at det individuelle særpreget ikkje går tapt, då kvar og ein er eit lem på Kristi kropp. Alle lemene har spesifikke og unike funksjonar som formar heilskapen (Cavanaugh 2013, 73-4).

Den kristne motstanden oppstår og verkar i nattverden. Det er ein viktig dimensjon for *nattverdens økonomi*. Målet er at alle som feirar nattverd på same stad vert medvitne om at det dei gjer er å utøve kristen motstand i fellesskap. Fellesskapen er ikkje eit ekte kristent fellesskap dersom det ikkje har eit ope og ekte mangfald. Sjølv om kyrkja består av mange små grupper og fellesskap, kjem ikkje Guds rike til syne før mangfaldet samlast i nattverdsmåltidet (Hagman 2012, 113). Difor er viktig å ta seg tid til å sjå og reflektere over ulikskapen mellom menneska som deltek. Då kan ein setje pris på at alle, uavhengig av bakgrunn, er velkomne til å dele det same brødet og den same vinen (Hagman 2012, 130). Å lyfte blikket å anerkjenne ulikskapen er altså grunnleggande for at fellesskapen skal fungere.

### **Åtvaring mot imaginært fellesskap**

Faren ved å legge så mykje vekt på fellesskapen i nattverden, er å andeleggjere eininga i fellesskapen ved å berre øve opp mentale handlingar, som å syne sympati. Då førestiller me oss at me står i fellesskap med dei som t.d. manglar mat, utan å tilfredsstille faktiske behov. Dette kallar Cavanaugh eit imaginært fellesskap. Eit døme på dette, kan vere å tenkje at ved å handle og forbruke varer, er me med på å mette andre ved å skape jobbar. Problemet oppstår dersom me ikkje veit om desse jobbane skapar verdigheit eller utnyttar menneske (Cavanaugh 2013, 74). Fellesskapen nattverden inviterer til, krev konkret handling som tilfredsstiller

behova til alle i fellesskapen. Nattverden er altså berre byrjinga eller utspringet til å yte motstand mot dei negative strukturane i samfunnet.

Cavanaugh og Hagman viser oss *nattverdens økonomi* ved å fortelje om at me er forbrukar av Jesu overflod av nåde og kjærleik, som me deler i den unike fellesskapen i nattverden. Denne fellesskapen dannar utspring og grobotn til handling som yter motstand mot dei strukturane i samfunnet som er urettferdige.

### **3.3.4 Å danne menneske: Askese**

Cavanaugh og Hagman er opptekne av dei små handlingane i kvardagen. Desse utgjer ein skilnad når me leve ut det *nattverdens økonomi* står for. Dersom ein ynskjer å endre samfunnet slik at det vert meir rettferdig og berekraftig må ein endre menneska i det, tenkjer ein innanfor *nattverdens økonomi*. Ein kan ikkje endre med tvang ovanfrå og ned. Ein må byrje med seg sjølv. Det handlar om å endre vanar og haldningar for å skape eit nytt menneske (Hagman 2012, 32). Dette kan ein kalle den kristne asketiske vegen. Det er annleis får den *økologisk økonomiske* tilnærming til samfunnsendring, der fokuset er å endre strukturar ovanfrå og ned.

#### **Kva askese er**

Kristen askese handlar om å omdanne seg sjølv til å spegle Guds røynd og kjærleik. Det gjer ein ved å vere medvitnen om kva som binde menneske fast. Å utføre asketiske handlingar kommuniserer ein visjon for ein annan måte å leve på (Hagman 2012, 43). For kristne er det ofte særskild viktig å endre åtferd som er skadeleg for andre. Askese, slik dei fyrste asketane levde, er vanskeleg å forstå i ei postmoderne tid. Grunnen til dette, er at me no lever i eit individualistisk samfunn og føreset automatisk at deira askese òg var individualistisk. Men dei fyrste asketane sa sjølv at deira slit var meint for å tene kyrkja, og å vere eit vitnesbyrd for verda. Askesen er meir enn å minne om enkeltavgjerder.

Hagman (2012, 41-3) gjev oss eit døme på korleis *nattverdens økonomi* forstår at asketisk liv kan skape endring. Dersom ein ynskjer å byte ut vanar og verdsbilete som t.d. er skadeleg for miljøet, til å verte meir oppteken av berekraftig livsstil. Målet er å få eit nytt syn på verda, som pregar dagleglivet. Små endringar, som kan kritisera for å vere «ein drope i havet», har

kanskje ikkje som mål å endre verda men heller å skape ein god vane som endrar enkeltpersonen.

### **Døme på frigjering frå lastar**

I litteraturen innanfor *nattverdens økonomi* skildrast nokre lastar som kan vere freistingar dagens menneske utsetjast for. I det følgjande vil eg gje kort greie for kvar av desse lastane og korleis ein asketisk livsstil kan bidra til å frigjere menneske frå dei.

### **Effektivitet**

Hagman (2012, 63-4) skriv noko interessant om effektivitet. Han hevdar at me mistar evna til å vurdere kva som er viktig i livet. Effektiviteten gjer det lett å veksle middelet og målet. Slik forvandlast ein sakte men sikkert frå «menneske til tannhjul i det maskineriet som driver verden mot stadig større urettferdighet og minkende ressurser» (Hagman 2012, 64).

For å yte motstand mot effektivitet, er det tolmod som gjeld. Litt humoristisk skriv han at lange lunsjpausar kanskje er den reindyrka postmoderne asketiske øvinga (Hagman 2012, 65).

### **Individualisme**

Det finst ulike typar og sider ved individualismen. Det er den type individualisme som forkynner fridom frå alt og alle, *nattverdens økonomi* åtvarar mot. Den type individualisme som seier at avhengigkeit er svakheit og at ein då har mislukkast med si oppgåve som menneske (Hagman 2012, 73). Individualismen kan skape isolerte menneske som er lett påverkelege og har stort behov for å få bekrefta sin identitet. Dei med øvre makt samt forbrukarsamfunnets kommersielle krefter kan dra nytte av det.

Innanfor *nattverdens økonomi* meiner ein at kyrkjas fellesskap kan vere vegen ut av individualismens negative kontroll. Dette ved å vere individualismens og kollektivismens motbør (Hagman 2012, 75). Kyrkja skal ikkje vere ein stad der menneske skil seg ut gjennom det dei kjøper eller utrettar. Heller eit fellesskap der det unike ligg i at menneske er skapt av Gud og får verdi gjennom Guds kjærleik og nåde.

### **Konkrete dydar å streve etter**

For å lære å vere sterk nok til å yte motstand, kan ein øve seg opp i visse dydar. Desse kan yte mot forbrukarsamfunnet, urettmessige samfunnsstrukturar og dei destruktive impulsane ein vert utsett for i kvarldagen. Nokre av desse vil eg presentere i det følgjande. Eg vil presisere at *nattverdens økonomi* ikkje legg desse dydane fram som eksklusivt kristne, men at dei er kristne når dei er eit uttrykk for trua på at Gud held verda i si kjærlege hand (Hagman 2012, 85).

### **Gjestfridom**

Me lever i eit individualistisk samfunn. Guds rike kan då synleggjerast gjennom fellesskap som er ope for alle. Det heilage menneske kjem til syne ved å opne opp sine heimar og å danne fellesskap som skapar tilhøyrsla til dei som ikkje naturleg høyrer til der (Hagman 2012, 86). Nattverdsfellesskapet er ei øving i gjestfridom.

### **Tolmod**

Tolmod kan ein òg øve seg i. Tolmod kan vere ein motsetnad til ambisjon og effektivitet. Kommersielle krefter muntrar oss til å ha alt på ein gong. I eit hastverk for å tilfredsstille eigne lyster og behov, kan ein gløyme korleis det verkar negativt på menneske og naturen rundt oss (Hagman 2012, 89). Eit menneske som er øvd i tolmod, er ikkje like lett å lure. Han/ho er van med å tenkje gjennom sine avgjerder. Tolmod gjev oss difor høve til å vurdere korleis ein skal yte kristen motstand på best mogleg måte (Hagman 2012, 91).

Den kristne motstandsveg er ikkje ein egoistisk veg til sjølvrealisering. Det er ein måte å bidra til at kyrkja vert eit meir sant bilet av Guds rike (Hagman 2012, 107). Kristen motstand handlar om å verte det me innerst inne er (Hagman 2012, 133). Som enkeltmenneske, som fellesskap og som Guds skaparverk.

## **3.4 Oppsummering**

Det er eit forståing innanfor *nattverdens økonomi* at forbrukarkultur og den frie marknaden har destruktive krefter i seg. Menneske må øve seg opp i å yte motstand mot desse. For å kunne yte motstand kan ein øve seg opp i ulike dydar gjennom asketiske øvingar. Kyrkjeleg praksis, som ml. a. nattverden lærer menneske korleis ein kan leve annleis enn samfunnet

elles gjer. På dette viset er målet å endre samfunnsstrukturane innanfrå og yte motstand mot det som aukar urettferdig samfunnsstrukturar og hindrar berekraftige samfunn.

## 4 Diskusjon og drøfting

Når me no har forstått meir av *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*, er grunnlaget for å drøfte problemstillinga lagt. Drøftinga vil svare på *korleis Cavanaugh og Hagman si forståing av nattverdens økonomi, kan bidra til å utdjupe og utfordre visjonen økologisk økonomi kan gje for eit meir berekraftig og rettferdig samfunn*. Tidlegare i oppgåva har eg etablert *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* som to posisjonar eg no brukar for å diskutere mot kvarandre.

Eg skal drøfte tre hovudargument for korleis *nattverdens økonomi* kan utdjupe og utfordre visjonen *økologisk økonomi* kan gje for eit meir berekraftig or rettferdig samfunn.

Hovudvekta av drøftinga handlar om korleis *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* fremjar endring på høvesvis strukturnivå og individnivå. Deretter, korleis eit mogleg sams spel mellom desse nivåa kan utfylle og utdjupe potensialet for samfunnsendring. Dette utgjer den største delen av drøftinga. Grunnen er at eg ser dette moglege samspelet som mest viktig for å syne korleis *nattverdens økonomi* kan bidra inn i *økologisk økonomisk tenking*. Så går drøftinga vidare til å diskutere dei ulike menneskesyna i dei to posisjonane, og korleis desse kan bidra til å skape endring. Til slutt drøftar eg fordelar med å setje to utopiske teoretiske posisjonar opp mot kvarandre, for å fremje behovet for endring.

### 4.1 Strategi eller taktikk?

Det er ein hovudskilnad mellom dei to posisjonane. *Nattverdens økonomi* fremjar i hovudsak sosial endring basert på konkret handling i fellesskap i kyrkja. *Økologisk økonomi* gjev ein teori om endring i etablerte samfunnsstrukturar, som vidare kan brukast for å skape samfunnsendring. Både posisjonane ynskjer altså sosial endring, men har ulike framgangsmåtar for å nå fram. Michel de Certeau presenterer to tilnærmingar for sosial endring (Certeau 1984, 36-8). For å utdjupe tilnærmingane posisjonane står for, vil eg legge de Certeau sin distinksjon mellom strategi og taktikk til grunn. I det følgjande vil eg diskutere: *Korleis kan nattverdens økonomi sitt syn på sosial endring utdjupe og utfordre økologisk økonomi si forståing av dette, i ljós av de Certeau sin teori om strategi og taktikk?* Fyrst gjer eg greie for de Certeau sin teori om strategi og taktikk, deretter plasserer eg *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* inn i denne teorien før eg drøftar spørsmålet vidare.

#### **4.1.1 Strategi og taktikk**

I følgje de Certeau kan ein velje to ulike framgangsmåtar for politisk innflyting til å skape sosial endring. Den fyrste tilnærminga kallar han for strategi. Opphaveleg kjem denne framgangsmåten frå det militære, og omgrevsbruken bere preg av det. Med ein strategisk framgangsmåte meiner de Certeau at målet er å få kontroll over ulike maktstrukturar og institusjonar, fordele makta mellom desse, og slik få innflyting til å implementere endring (Certeau 1984, 36). Ein kan kalle det ei institusjonell makt der ein ynskjer å meistre fleire system og strukturar i samfunnet. Ved å vinne over fleire område får ein meir makt (Certeau 1984, xix)(Sigurdson 2010, 193). Ein ser næraast verda rundt seg som eit territorium ein skal okkupere. På det fiendtlege territoriet er det trugslar og hindringar som må overkomast. Ein har eit kontrollrom, eller eit trygt territorium, ein kan planlegge og legge strategiar frå. Frå denne staden kan ein sjå utover territoriet. Fordelen med det er å kunne kalkulere og måle framtida og prøve å føresjå ho. Då kan ein legge ein mest mogleg hensiktsmessig plan, for å overkome trugslar og hindringar. Ein dannar seg gjerne spesifikk kunnskap og retorikk som kan forklare det uvisse, for å gjere det mogleg å måle og vurdere det fiendtlege territoriet (Certeau 1984, 36). Politiske, økonomiske, vitskaplege og militære ideologiar har vorte konstruert på denne måten (Certeau 1984, xix). Ei strategisk tilnærming er fastsett i strukturar og er avhengig av at desse er resistente (Certeau 1984, 38).

Ein taktisk framgangsmåte er ganske annleis. Her har ein ikkje eit trygt territorium å planlegge handling og strategiar frå. Ein må snarare mobilisere på fiendtleg territorium, og sigre slag for slag (Certeau 1984, 36). Det er ikkje mål om å vinne over store maktstrukturar. Difor er dette gjerne framgangsmåten for den svakare parten. Ein må reagere på situasjonar som oppstår i omgjevnadane med den tida og dei ressursane ein har til rådighet, heller enn å forsøke å okkupere nye områder (Sigurdson 2010, 193). For å sigre litt etter litt med denne framgangsmåten, er ein avhengig av å vere kreativ. Ein må gjere situasjonar, hindringar og trugslar om til høve. Å vinne eit slag er difor ei blanding av kløktheit, intellekt og gode avgjerder. Handlingane er altså kalkulerte, sjølv om ein ikkje har eit eige territorium. Mobiliseringa skjer på eit område der framand makt har skreve lovane, så det er vanskeleg å vurdere heilskapen av fiendens posisjon (Certeau 1984, xix og 37). Denne framgangsmåten er ikkje avhengig av å vere etablert i strukturar, men får validitet i å vinne fram i ulike situasjonar ved å bruke dei høva ein får (Certeau 1984, 38).

For å gjere desse framgangsmåtane meir forståeleg, illustrere eg med eit døme. Kyrkjas rolle i Europa har endra seg over tid. Tidlegare hadde kyrkja tettare band til staten, og hadde eit nærast religiøst hegemoni. Ein kan seie at ho var i ein strategisk posisjon. No eksisterer den europeiske kyrkja i ei pluralistisk og postsekulær røynd, der ho er ei blant mange røyster. Ein kan seie at kyrkja har eit meir taktisk utgangspunkt no (Sigurdson 2010, 193).

#### **4.1.2 Økologisk økonomi med strategisk tilnærming til sosial endring**

Basert på det eg tidlegare har nemnd om *økologisk økonomi*, er det rimeleg å kalle *økologisk økonomi* si tilnærming til endring som strategisk, i de Certeau si tyding. Det som kjenneteiknar ei strategisk tilnærming, er eit ynskje om å endre etablerte samfunnsstrukturar. Eit av måla med *økologisk økonomi* er å gje døme til endring i økonomiske strukturar. Dette kan ein bruke til å gjere dei meir berekraftige og rusta til å utjamne den skeive ressursfordelinga i verda. Det er ei forståing innanfor *økologisk økonomi* at strukturane og premissane er gale, og difor kan ein ikkje oppnå endring utan at dei endrast.

Tidlegare i oppgåva har eg skildra korleis ei tverrfaglege gruppe har jobba for å utarbeide og utvikle *økologisk økonomi*. Kanskje har dei sett det noverande økonomiske systemet som eit territorium dei må overvinne. Det finst hindringar og trugslar i form av for høgt forbruk av verdas ressursar. Dei har kalkulert og argumentert fram løysingar for korleis strukturane kan forbetra, og slik lagt ein langsiktig strategi dei meiner vil leie til sosial endring. Dette ved at politikarar og maktinnehaverar forstår kva *økologisk økonomi* dreiar seg om, og bidreg til å implementere endringane. Dei forsøker å skape endringar utanfrå. Det er ein langsiktig strategi for å implementere endringar i forståinga av økonomi på alle nivå, frå økonomiske system til enkeltindivid sine haldningar. Ved å danne eige språk og omgrep skildrar *økologisk økonomi* skildringar av samfunnsproblem, slik som er typisk for ei strategisk tilnærming.

*Økologisk økonomi* ber altså preg av å ha ei strategisk tilnærming til endring. Men, det har òg snev av taktiske grep for å implementere endringa. Det ser me gjennom nokon av dei konkrete handlingsplanane for å implementere endring, eg nemnde ovanfor. Informasjonsarbeid gjennom utdanning, oppmode til deltaking frå alle, samt å promotere etiske forretningsverksemder, er døme på dette. Det er individ i lokale fellesskap som òg må bidra til at endringane kan skje. Likevel tydar det på at *økologisk økonomi* har ei hovudvekt av strategisk tilnærming til sosial endring.

#### **4.1.3 Nattverdens økonomi med taktisk tilnærming til endring**

Ei taktisk tilnærming kjenneteiknast ved å utføre handlingar for å skape endring innanfrå. Det kan gjerne vere kvardagslege handlingar ein reflekterer over, og utfører som kontrast til ein negativ tendens i kvardagen. Dette minner om tilnærminga *nattverdens økonomi* har til sosial endring. Som me har sett oppmodar *nattverdens økonomi* kristne til å la seg forme av det som skjer i nattverden. Deretter ta med seg fellesskapet ut av kyrkja og inn i verda, for så å skape endring innanfrå.

I ei taktisk tilnærming kjempar ein på fiendtleg territorium med den tida og dei ressursane ein har til rådigheit. Ein kan nærmast få inntrykk av at *nattverdens økonomi* ser for seg ein kamp mot det vonde i verda. Denne må kristne kjempe mot ved å kroppsleggjere Jesus i kvardagslege handlingar. Målet er å gjere verda til ein betre plass. I følgje *nattverdens økonomi*, kan døme på det som er vondt vere å la forbruk verte viktigare enn relasjonar. Då kan ein svare med å gjere handlingar som bygger relasjonar. Som t.d. å dele måltid med andre. Eit anna døme på det som kan vere vondt er å kjøpe ting for å oppnå status og anerkjenning. Ei taktisk tilnærming til å overvinne dette, kan vere å internalisere at det å vere ein del av eit fellesskap, anerkjenner menneske meir enn tinga det eig gjer. Deretter jobbe for å danne slike fellesskap.

Nattverdens fellesskap har me tidlegare sett at er basert på nåde, tilgjeving og fellesskap på tvers av ulikskapar. Dette er heile tida ei inspirasjonskjelde til korleis ein lever ut livet i verda. At menneske sjølv endrar seg gjennom handling og refleksjon, med von om å spreie godleik gjennom relasjon til andre, er ein måte å skape endring frå innsida. Det er ein slags danningsprosess for å øve opp menneske i å yte motstand mot det som er vondt og destruktivt i verda. *Nattverdens økonomi* bere difor preg om å ha ei taktisk tilnærming til sosial endring, ved å bruke nettopp seg sjølv som tilgjengeleg ressurs til å kreativ gjere kvardagslege situasjonar om til endringshøve.

Sjølv om *nattverdens økonomi* har eit hovudpreg av ei taktisk tilnærming til sosial endring, ser eg òg nokre strategiske trekk. Gud, Bibelen og nattverdsfellesskapen legg føringar for korleis livet skal levast. Gjennom desse kanalane får kyrkjelyden ei forståing av kva som er problemet i samfunnet og kva som må til for å skape endring. Slik kan eg sjå parallellear til ei strategisk tilnærming. Det er noko utanfor dei normale tendensane i samfunnet som peikar på

det som treng endring. Men, *nattverdens økonomi* har altså ikkje fokus på å endre etablerte strukturar ovanfrå og ned. Det handlar om å utføre medvitne handlingar i daglelivet for å skape endring. Difor er det rimeleg å kalle *nattverdens økonomi* si tilnærming til endring for taktisk, i den tydinga de Certeau har definert.

Det finst ulike framgangsmåtar for å skape sosial endring. De Certeau har altså definert ein strategisk og ein taktisk framgangsmåte. Eg har brukta den strategiske framgangsmåten for å skildre *økologisk økonomi* si tilnærming sosial endring, og *nattverdens økonomi* si tilnærming som taktisk.

#### **4.1.4 Strategisk vs taktisk tilnærming**

De Certeau sin illustrasjonen av taktikk og strategi er passande for *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* sine tilnærmingar til sosial endring for ei meir berekraftig og rettferdig verd. Eg vel difor å bruke den for å synleggjere eit mogleg samspel mellom *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Eg vil syne at taktikken for *nattverdens økonomi* kan bidra til å gje *økologisk økonomi* med strategiske tilnærming, større gjennomslagskraft og politisk signifikans. Eg byrjar med å diskutere utfordringane *økologisk økonomi* har med å vere eit næraast umogleg prosjekt. Den strategiske tilnærminga nesten er så omfattande at det skapar avmakt når enkeltmenneske skal forsøke å implementere og gjennomføre endringane. Deretter går eg inn i korleis *nattverdens økonomi* kan motivere til endring, og slik bidra til å realisere den visjonen *økologisk økonomi* kan bidra til om eit meir berekraftig samfunn.

#### **Umogleg strategi?**

Som nemnd tidlegare har *økologisk økonomi* ei strategisk tilnærming til endring. Ein kan bruke dette som ein slagplan for korleis ein i teorien kan endre og forbetra strukturane for økonomi, til å verte meir rettferdige og berekraftige. Men, det finst ingen døme på samfunn som har implementert *Økologisk økonomi* heilt. Som professor i *økologisk økonomi*, Jakobsen (2016, 27) òg hevdar, kan *økologisk økonomi* kritisera for å vere vanskeleg å utføre i praksis. Dette er ein framgangsmåte som kan ha liten politisk gjennomslagskraft, særskild når ein ikkje er i maktposisjon i utgangspunktet. Dette er ein føresetnad for ei strategisk tilnærming. Det vert famling og fåfengd kamp med andre strøymingar om å vinne rolla som rådgjevar for staten.

På den eine sida er det eit poeng i denne argumentasjonen. Det er mange røyster som prøvar å nå fram og få innflytelse. Miljørørsla, ideelle organisasjonar og dei ulike politiske retningane hevdar alle å ha løysingar på samfunnsproblem. Å lytte til mange røyster høyrer sjølvsagt til i eit demokrati. Då får ein eit nyansert bilet av samfunnet, med ulike løysingar som kan svare til desse utfordringane. Men, *økologisk økonomi* ynskjer strukturell endring over heile linja. Sjølv om det er ei tverrfagleg retning, er det vanskeleg å overtyde alle i verda til å vere samde om at nettopp denne strukturelle endringa skal til for at verda vert ein betre stad å leve i.

Som nemnd tidlegare, er det ei forståing innan *økologisk økonomi* at konsensus om avgjelder er det mest resiliente og berekraftige, slik John Rawls hevdar. Det er ein utopisk tanke ein gjerne kan strekke seg mot, men det vert for urealistisk. Kanskje til og med umogleg, av di det finst så mange menneske med ulik livssituasjon og behov. *Økologisk økonomi* krev omfattande endring av økonomiske strukturar, som t.d. å bygge økonomiske system på behov. For å gjennomføre slike endringar, må det altså då vere konsensus om at dette er det beste alternativet. Den konsensus John Rawls talar om, handlar om at alle skal vere samde om ei avgjerd, sjølv om det er ulike politiske, religiøse, etiske eller vitskapelege grunngjevingar for dette. Det kan difor verke som om ein må bruke litt tvang for å få alle til å vere samde om å *økologisk økonomi* for sosial endring. Det er nesten som å seie at alle kan presentere sine meiningar og kome fram til ei løysing, så lenge løysinga er *økologisk økonomi*.

På den andre sida, er kanskje kritikken av ei strategisk tilnærming til endring litt einsidig. Det er strukturar i samfunnet alle må følgje. Lovverket t.d. gjev oss både rettar og plikter som hjelper oss å verne om eit trygt liv i samfunnet. Me er alle innforstått med at me må jobbe for å få løningar, og at me må betale med pengar for å kjøpe mat. Sjølv om me kan vere meir eller mindre samde i at samfunnet er strukturert slik, er det noko me må godta. Det er altså ikkje umogleg å finne strukturar alle kan ordne seg inn etter.

I tillegg kan det å forsøke å ta rolla som rådgjevar for staten vere ein måte å legge press på makta på, ved å syne at ein følgjer med i kva dei gjer. Ein tek rolla som kritikar av makta, for å skjerpe makthavarane og hindre dei i å gjere som dei vil. Å presentere alternative måtar å løyse utfordringar på, kan gje høve til å skape endring som eit steg mot eit betre samfunn. Men, det gjeld berre dersom ein faktisk når fram med bodskapen.

Utifrå *økologisk økonomi* kan ein utforme detaljert plan for korleis ein kan implementere endringar av noverande økonomiske system. Som nemnd i kapitelet om *økologisk økonomi* handlar det m.a. om å forbetre vilkåra for frihandel, bygge økonomiske system på menneskelege behov og endre forståing av etablerte omgrep som homo economicus og vekst orientert økonomi. Utfordringa er, at endringane er så omfattande, og alle må vere samde om at *økologisk økonomi* er den rette strategien for å møte overforbruk av ressursar. Difor verkar det som ein strategi det er vanskeleg å gjennomføre. Det er her *nattverdens økonomi*, med si taktiske tilnærming, kan bidra til å realisere og verkeleggjere *økologisk økonomi* sine forslag om endring. Det kjem eg tilbake til seinare.

### ***Strategisk strukturendring skapar avmakt for enkeltpersonar og små grupper***

For å skape eit meir rettferdig og berekraftig samfunn, må alle bidra. Kanskje er det ein kombinasjon av endring på strukturnivå, ovanfrå og ned, og endring på grasrota som skal til. Innanfor *økologisk økonomi* vert det peika på så mange utfordringar med det noverande økonomiske systemet, med påfølgjande løysingar på korleis det kan løysast, at det kan skape avmakt for enkelt personar og mindre grupper som ynskjer å bidra til eit meir rettferdig og berekraftig samfunn.

Strategiske endringar på strukturnivå må vere grundige og bevise at dei er gjennomtenkte, for å ha relevans. I litteraturen om *økologisk økonomi* finst det slike skildringar av dei strukturendringane som trengs. Eg har nemnd døme på dette tidlegare, som at *økologisk økonomi* peikar på at det økonomiske systemet me har i dag er bygd opp på gale premissar. Samfunnet som Adam Smith, og andre økonomar, levde i ser ikkje slik ut i dag. Premissane for frihandel eksisterer ikkje slik Smith definerte dei. I tillegg tileignar økonomar abstraksjonen av menneske, altså homo economicus, for mykje sanning. Det er akkurat som om dei gløymer at menneske ikkje berre er forbrukarar av produkt på marknaden. Det leier til feilslutningar, slik Whitehead åtvara mot. *Økologisk økonomi* forklarar altså at det økonomiske systemet er bygd opp på feil grunnlag.

I tillegg skildrar *økologisk økonomi* konkrete døme på destruktive tendensar med det moderne økonomiske systemet som kjem til syne på gruppe- og individnivå. Eit døme er negative konsekvensar for arbeidarar. Dei med høg kapital har makt til å flytte produksjon frå ein stad til ein annan, for å produsere på billigast og mest effektive måte. Eit anna døme er det eg

illustrerte tidlegare med vedsinkning til brensel. Poenget med det, er at moderne økonomi vil hevde at dersom ein person ikkje får tak i nok ved til brensel, handlar det om å skaffe meir pengar til å kjøpe ved, eller å bytte ut ved med t.d. kol. Innanfor *økologisk økonomi* meiner ein at det ikkje er løysinga på problemet, då det berre forårsakar endå meir overforbruk av dei tilgjengelege ressursane me har.

Som me nyss har sett, gjev altså *økologisk økonomi* detaljert skildring av kva som bør endrast. Det gjer at *økologisk økonomi* står fram som seriøst og relevant. Samstundes er skildringane så omfattande at det verkar uoverkomeleg for enkelt personar eller små grupper. For at samfunnet faktisk kan forbetra er det så mange endringar som må til. Det er noko som må gjerast på alle nivå, over heile jorda, på eit langsiktig perspektiv. Endringane omhandlar t.d. redusert forbruk i privatøkonomien, berekraftig økonomi på nasjonalt plan og rettferdig fordeling av ressursar på verdsbasis. På alle plan må livskvalitet innførast som mål for økonomien heller enn at pengar er eit mål i seg sjølv. Industrien kan ikkje satse på vekst, men må fokusere på utvikling. Menneske må forstå jorda som ei biosfære og økonomar må endre si forståing av homo economicus. Det nyttar ikkje at ei lita gruppe med menneske tenkjer det same. Heile verda må stå i lag om å skape endring.

Dette kan gje enkeltpersonar og små grupper ei kjensle av avmakt, og at deira bidrag er fåfengd. Strategien verkar som tidlegare nemnd, umogleg. Ein kan undra på kvar ein skal byrje for å bidra. For å setje det på spissen, kan ein nesten få kjensla av at menneske må vente til strukturendringane er på plass før ein byrjar å implementere det i daglelivet. Men til sjuande og sist er det enkeltmenneske som må implementere endringane i strukturane, og då nyttar det ikkje å vente.

### ***Taktikken i Nattverdens økonomi skapar motivasjon til endring***

*Nattverdens økonomi* og fellesskapen i nattverden svarar ikkje på alle verdas problem, slik det kan verke som om den sjølv hevdar. Men, den seier at alle menneske har høve til å utgjere ein skilnad ved å øve seg på å leve ut fellesskapen nattverden lærer oss. Ved å ha ein taktisk framgangsmåte med små handlingar i møte med situasjonar som oppstår, bidreg ein til å utgjere ein liten skilnad for menneske og naturen. Der *økologisk økonomi* kjem til kort med å verke umogleg og uoverkomeleg, kan *nattverdens økonomi* realisere og motivere for å realisere endringar.

Nattverdsfellesskapen lærer oss at alle menneske har uvurderleg verdi, og difor gjev det mening å bidra til at berre eit menneske får ein betre dag i verda me lever i. Tanken er at alle kan bidra litt, og at kvart bidrag gjeld. Målet er ikkje å endre alle strukturar som hindrar positiv utvikling, men heller å minne om at alle menneske har verdi og høve til å delta i samfunnet. Det er ein meir overkommeleg måte å tenkje om endring på, som oppmuntrar alle til å delta. Dersom fleire vert med på å bidra der dei kan og på den måten dei evnar, kan det kanskje ende opp med å endre strukturar til slutt. Slik kan ein kamp, som byrjar i det små, vinne nok oppslutting til å kome i maktposisjon til å skape endringar på eit høgare nivå.

Cavanaugh og Hagman fortel òg at det som gjer nattverdsfellesskapen annleis frå andre fellesskap, er at alle som går til nattverd har til felles at dei treng tilgjeving og Guds nåde. Det er ikkje krav til at ein må vere perfekt, eller å ha alt på plass for å kunne gjere ein skilnad. Ein kan prøve seg fram med ei taktiske tilnærming, feile og så prøve på nytt. Dette gjer *nattverdens økonomi* si tilnærming meir menneskeleg enn *økologisk økonomi* si tilnærming. Kvart menneske og små grupper kan bidra med det dei har høve til. Ein kan vurdere sin eigen kvardag og finne ut av kva ein bidra med.

Ein kan sjølv sagt seie at eit menneske sitt bidrag ikkje utgjer den store skilnaden i heilskapen. At bidraget *nattverdens økonomi* foreslår, berre er ein drope i havet. Det er nok ein kritikk det finst sanning i. Men, ein kan like godt gje opp dersom ein berre skal ha von om at endring kan skje når alle strukturar er på plass. Då må ein vente på at andre skal ordne opp og at dei som sit med makta skal definere nye strukturar. Ved å velje å leve annleis i kjærleksfellesskap med dei rundt seg, kan ein gjere verda til ein betre stad, eit steg om gongen. Ei slik taktisk tilnærming kan faktisk ha politisk gjennomslagskraft. Det finst mange døme på frigjeringskampar og menneskerettssaker som har byrja i det små, men som seinare har endra strukturar.

Ein annan kritikk til den taktiske framgangsmåten *nattverdens økonomi* skildrar, er for sterkt tru på kva som skjer i nattverden og kor inspirert ein vert til å ta med fellesskapen ut av kyrkja. Det er ikkje sikkert alle om går til nattverden er medvitne om at fellesskapen består av ulike menneske eller reflekterer over eige behov for tilgjeving og nåde. Det er heller ikkje sikkert at alle veit at nattverd feirast verda over, slik at eigen deltaking i nattverden faktisk er

del av eit verdsomspennande fellesskap. Kanskje er det difor litt for tynt å basere sosial endring på det som skjer i nattverden.

Å ha ei taktisk tilnærming i situasjonar når dei oppstår, kan vere katalysatorar til sosial endring. Kanskje strukturane må endrast på sikt, men ein må fyrst syne at det er mogleg å gjere ting annleis i praksis. Små handlingar dannar og motiverer menneske til å faktisk klare å utføre endring. Men, det skal òg seiast at ein taktisk framgangsmåte, slik *nattverdens økonomi* har, kan kritisera for å vere for optimistisk og ha for stor tru på kva kyrkja eller eit lite samfunn kan utrette. Dessutan, om ein famlar taktisk i blinde utan å vurdere det store biletene, når ein ikkje langt.

#### **4.1.5 Døme: Strategisk og taktisk tilnærming til negative konsekvensar av forbrukarkultur**

For å syne konkret korleis samspelet mellom ei strategisk og ei taktisk tilnærming kan fungere, vil eg illustrere med korleis *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* møter forbrukarkultur og overforbruk. Som me har sett uttrykker både *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* at forbrukarkultur, som fører til overforbruk av naturressursar, er skadeleg for menneske og naturen rundt oss. Både meiner å ha løysingar på korleis ein kan lindre dei negative konsekvensane av forbrukarkultur. *Økologisk økonomi* har ei strategisk tilnærming til sosial endring. Denne foreslår å basere økonomiske system på menneskelege behov for å overkome overforbruk og destruktive tendensar i forbrukarkulturen. *Nattverdens økonomi*, med ei taktisk tilnærming, fremjar det å leve asketisk for å minske eige forbruk og slik bringe endring ved å syne ein alternativ måte å leve på. I det følgjande diskuterer eg desse to tilnærmingane som lindring av overforbruk.

##### **Økonomisk system basert på menneskelege behov som lindring av overforbruk**

Innanfor *økologisk økonomi* er det altså ei forståing om å endre økonomiske strukturar for å lindre dei negative konsekvensane forbrukarkulturen påfører menneske og naturen. Det overordna målet i eit *økologisk økonomisk* perspektiv, er å bygge opp økonomiske system basert på menneskelege behov. Det vil seie at ein kartlegge menneskelege behov og livskvalitet i mindre samfunn. Deretter legg til rette for eit ressursbruk som gjer at grunnleggande behov dekkast og at dei som bur der sjølv opplever å leve eit godt liv, i eit godt samfunn. Som nemnd tidlegare i oppgåva handlar desse strukturelle endringane om å

legge til rette for frihandel som tener fellesskapet, slik Adam Smith tenkte det, ha fokus på utvikling heller enn vekst i økonomien, forstå jorda som ei levande biosfære me kan forvalte heller enn å utnytte i det uendelege og ha fokus på menneske-i-fellesskap heller enn homo economicus.

Igjen må eg påpeike at dette er svært omfattande endringar som må skje på alle nivå i samarbeid med alle menneske. Men, det er faktisk eit forslag til korleis ein kan rette opp uretten i verda. Ein kan gjerne kritisere *økologisk økonomi* for å vere for omfattande eller som eit type tankeeksperiment alle må vere med på. Men, dersom det er slik at det faktisk er noko gale med strukturane me lever under, er det kanskje ikkje hensiktmessig å halde fram med å gjere små endringar for å rette opp uretten, når strukturane er gale. Det er framleis mange som lever i fattigdom og skilnadane mellom rik og fattig aukar. Dersom grunnen til det er at strukturane faktisk skapar desse skilnadane, må ein gjere noko med dei.

Teoretikarane bak *økologisk økonomi* støttar seg på teori om korleis grunnleggande menneskelege behov kan dekkast på ein hensiktmessig måte for å hindre urett. Som nemnd tidlegare, meiner dei at den underliggende grunnen til den negative utviklinga i økonomien handlar om at menneske tilfredsstiller biologiske, sosio-kulturelle og psykologiske menneskelege behov på feil måte. Ein søker til forbruk, mote og status for å dekke desse behova. Det er nettopp det som gjev grobotn for makt, dominans, vald og overforbruk. Dette meiner dei har relevans både i u-land og i-land, og difor skapar det auka skilnad mellom rik og fattig. Innanfor dei strukturelle endringane *økologisk økonomi* foreslår, er det altså òg behov for å informere og lære om korleis ein tilfredsstiller behov på rett måte.

Sjølv om dette tek dei strukturelle endringane litt nærare grasrota, er det framleis ein teori som skildrar store og detaljerte endringar på mange plan. Det krev politisk vilje for å iverksette haldningsendringa som kan bidra til å implementere visjonen om eit meir rettferdig og berekraftig samfunn. Opplysande utdanningsprogram, strukturering av lokalsamfunn og anna informasjonsarbeid er fokusområde. Men, det er framleis ein framgangsmåte som byrjar ovanfrå med at dei som har kunnskap overfører denne nedover til dei som må endre haldningane sine. Det er nettopp dette som er problematisk med *økologisk økonomi*. Det er eit prosjekt mange må ha konsensus om, for at det skal gjennomførast. Deretter må dei om er

samde om det, lære det til andre for å implementere det. I utgangspunktet verkar det demokratisk og oppbyggeleg. Men i praksis kan det nok heller ha eit preg av tvang.

Innanfor *økologisk økonomi* er det altså slik at dei strukturelle endringane for å basere økonomien på menneskelege behov, skal skje på lokalt plan. Det krev motiverte og idealistiske personar som systematisk lærer andre til å leve på ein meir berekraftig måte. På eit vis er dette døme på at ein byrjar i det små og at ideen om endringane slik spreiar seg. Det kan likne på måten *nattverdens økonomi* fremjar endring på. Men, *nattverdens økonomi* er meir handlingsorientert og ikkje oppteken av å endre strukturar. Slik sett kan *nattverdens økonomi* si taktiske tilnærming vere ei forlenging av prosessen *økologisk økonomi* legg for endring.

Det kan verke som om poenget med dei strukturelle endringane eg nemnde ovanfor, er å bidra til å skape eit godt liv, ved å lære menneske korleis ein tilfredsstiller grunnleggande behov. Dette vil igjen regulere menneskelege behov til eit meir berekraftig nivå ved at forbruk reduserast, slik at ressursfordelinga og ressursforvaltinga vert meir rettferdig.

### ***Askese som lindring av overforbruk***

Målet med *nattverdens økonomi* er å føre kjærleksfellesskapen, basert på Guds nåde og tilgjeving, ut i verda. Slik kan Gud kroppsleggerast i kvardagen. Sidan nattverdsfellesskapen ikkje romar urett og overforbruk, kan denne fellesskapen òg vere eit døme på korleis ein kan takle dei negative konsekvensane ved forbrukarsamfunnet. Teologane som sluttar seg til *nattverdens økonomi* gjev oss eit konkret døme på korleis ein kan leve ut nattverdsfellesskapen på ein berekraftig måte, nemleg gjennom askese. Askese vert difor ein måte å lindre overforbruk på.

I følgje litteraturen for *nattverdens økonomi* handlar askese om at individ tek medvitne val om å forvandle sin destruktive natur til å tene fellesskapen og slik bidra til å spegle Guds rike på jord. Målet er å syne verda ein betre måte å leve på. Gjennom praktiske øvingar og handlingar kan enkeltpersonar kvitte seg med og frigjere seg frå lastar og därlege vanar. Deretter tileigne seg gode vanar. Det er likevel viktig å presisere at det ikkje handlar om at kvart enkeltindivid skal realisere seg sjølv. Askese handlar om å peika på kyrkja som fellesskap, og kroppsleggjere kyrkjas mandat i praktiske handlingar.

Døme på slik praksis er, som nemnd tidlegare, å øve seg på å ikkje jage etter status og høge ambisjonar, men heller på å vere gjestfri og audmjuk. Det ligg òg eit element i å sjølv jobbe for å tilegne seg kunnskap om därlege vanar og urett, slik at ein kan gjere det ein kan for å forbetra det som er urettferdig. Slik vert menneske danna til å yte motstand mot urett.

Menneske som har slik motstandsdugleik er kanskje nettopp det *økologisk økonomi* treng.

Cavanaugh og Hagman gjev nokre døme på korleis det å leve asketisk kan lindre overforbruk. Dei meiner det er problematisk når forbruk tek for stor plass i livet. Det vert ei därleg vane som den asketiske livsstilen kan gjere noko med. Ein kan t.d. skaffe seg kunnskap om korleis tinga våre produserast, for å vere ein medviten forbrukar. Det kan føre til at ein vel å kjøpe fairtrade produkt eller brukte ting. Då reduserer ein forbruk samstundes som at ein lever i solidaritet med dei som produserer. Dei hevdar at dette kan skape endring ved at folk rundt observerer, tek vurderingar og stiller spørsmål til kvifor ein vel å gjere annleis. Ein person, eller ei gruppe, sin asketiske livsstil kan slik leie til endring hjå andre. Igjen er ikkje poenget å peike på ein einskild person sin innsats på individnivå, men heller å syne kva fleire som lever asketisk i ei gruppe eller kyrkja kan utrette i lag.

Igjen vil eg trekke fram det positive ved at alle har høve til å bidra til å redusere sitt forbruk. Det gjev motivasjon til å leve annleis. *Nattverdens økonomi* hevdar at det er godt for menneske å leve asketisk. I tillegg kan dette bidra til å gjere verda betre for nokon andre. Ein kan sjølvsagt kritisere *nattverdens økonomi* for å ha naivt stor tru på handlingane til kyrkja og enkeltindivid. På ein måte er denne kritikken forståeleg, då problem knytt til overforbruk er så omfattande. Men på den andre sida må ein byrje ein stad, dersom ein ynskjer å gjere noko. Kvifor ikkje med seg sjølv? Den kristne askesen handlar om å tene kyrkja og å vere eit vitnesbyrd for verda ved å leve annleis. Det utgjer i alle fall ikkje noko skilnad å gje opp og ikkje gjere noko.

Det er nokre likskapar mellom *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* når det gjeld at endringa skal spreie seg frå det små til det store. Tanken om å formidle kunnskap for å skape endring, er òg samanliknbart. Men, den grunnleggande skilnaden ligg i det at tilhengjarane av *økologisk økonomi* meiner endringa kan skje med ein ide ovanfrå og ned, medan teologane innanfor *nattverdens økonomi* fortel om at enkeltpersonar kan byrje med seg sjølv for så å

spreie bodskapen om endring innanfrå. Innanfor *nattverdens økonomi* er det ei forståing av at dei gode fellesskapa og det fokuset kyrkja allereie har på overforbruk allereie syner at endring er mogleg. Gud er kroppsleggjort i kyrkjas handlingar over heile verda. Det dei som høyrer til *økologisk økonomi* spør etter, og som kanskje verkar umogleg, er allereie delvis praktisert i mindre fellesskap i kyrkja og andre små samfunn.

Det tek integritet å leve annleis. Å redusere levestandarden sin og forbruket sitt for å gjere noko godt for andre, er inspirerande. Levestandard må ikkje forvekslast med livskvalitet. I følgje Max-Neef, når velstanden eit terskelpunkt. Der er det slik at velstanden framleis aukar medan livskvaliteten dalar. Det vil seie at ein treng ein viss levestandard for å ha det godt. Men, auka levestandard over dette punktet betyr ikkje nødvendigvis at livskvaliteten aukar. Denne teorien kan heilt sikkert diskuterast. Det er ikkje sikkert han stemmer i alle land. Kanskje det er bruka ukorrekte mål for å måle velstand eller livskvalitet. Likevel kan det verke som om det ligg noko i det. Eg trur ikkje det er slik at ein vert lukkelegare av å ha fleire ting eller høve til å kjøpe seg det ein vil. Både *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* har litteratur på fellesskap som heilt grunnleggande for eit godt samfunn. Det treng ein ikkje eige mange ting for å vere del av. I Noreg, og i mange andre land, har me ein levestandard som ligg over terskelpunktet. Me kan redusere forbruket vårt utan at det har negativ verknad på livskvaliteten vår. Kanskje det til og med kan auke livskvaliteten. Å leve asketisk er ein heilt konkret måte å gjere det på.

Tanken om at askese kan redusere forbruk kan òg kritisera. Det er verdslege menneske som skal leve ut nattverdens fellesskap, og difor er det ikkje eit perfekt fellesskap avskore frå innverknad frå resten av verda. Det er ikkje sikkert alle som går til nattverd ser på seg sjølv eller andre med behov for tilgjeving og nåde. Sjølv om tanken er å fremje eit fellesskap der alle kjenner seg anerkjend og verdige, er det ikkje sikkert at alle opplever det slik i røynda. Men det er likevel ein prosess, og kanskje ei asketisk øving, å lære seg til å stå i mot det forbrukarsamfunnet seier at ein må ha. Ein fellesskap der utgangspunktet er at ein er verdig uansett, kan vere ein god arena og øve seg på. Det kan endre fokuset ein har på seg sjølv, og kanskje òg korleis ein ser på andre slik at fellesskapen vert meir lik slik han var tenkt i utgangspunktet.

*Nattverdens økonomi* kan kritisera for å ha eit snev av ovanfrå og ned perspektiv det òg. Det er Gud, kyrkja, Bibelen og fellesskapen i nattverden som set døme for korleis ein skal leve. Endringa spring ut i frå desse si forståing av fellesskap. Men, kanskje er det slik at det må eksistere ein normgjevande institusjon for å samle folk om å yte motstand og ha felles mål.

*Nattverdens økonomi* minner stendig om at det er viktig med eit objektivt felles føremål å jobbe mot. Dersom ein ikkje har det, vert det ein vilkårleg maktkamp mellom ulike strøymingar i samfunnet om å ha størst innverknad på å definere kva behov og lengslar menneske skal ha. Ein kan på ein måte seie at *nattverdens økonomi* vert ei slik ovanfrå og ned strøyming som ynskjer å vinne denne maktkampen. Men, eg trur det handlar meir om å vere medviten om kva ein let seg påverke av og kva ein ynskjer å jobbe mot. Dersom det er eit godt liv i eit godt samfunn, med fokus på å redusere eige forbruk, kan ein gjerne la seg påverke av å leve ein asketisk livsstil. Då tek ein sjølv kontroll over kva strøymingar ein let seg påverka av.

*Økologisk økonomi* etterspør endringar i strukturane for å få bukt med forbrukarkulturen. Det er ei forståing innanfor *økologisk økonomi* at økonomiske system bør baserast på menneskelege behov for å auke livskvaliteten, heller enn at økonomisk vekst skal vere eit mål i seg sjølv. *Nattverdens økonomi* kjem med forslag om korleis menneske kan dannast til meir medvitne forbrukarar, og slik bidra til å utjamne den skeiv ressursfordeling. Dette er to ulike tilnærmingar til problemet om overforbruk, og igjen vil eg seie at dei kan utfylle og utfordre kvarandre. *Nattverdens økonomi* gjev konkrete døme på korleis strukturendringane *økologisk økonomi* fremjar, kan levast ut.

#### 4.1.6 Oppsummering

*Økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* har ulike tilnærmingar til utfordringar som verkar negativt på rettferdig ressursfordeling og berekraftig liv. Her har eg bruka de Certeau sine definisjonar av strategi og taktikk for å diskutere korleis *nattverdens økonomi* kan utfordre og utdjupe *økologisk økonomi* si forståing av kva som må til for å legge til rette for sosial endring. *Økologisk økonomi* har ei strategisk tilnærming med fokus på å endre strukturane for økonomiske system til å baserast på menneskelege behov. I *nattverdens økonomi* er det ei taktisk tilnærming som fokuserer på kva mindre fellesskap kan utrette med den tida og dei ressursane ein har til rådighet. Dersom ein verkeleg ynskjer å utrette noko for å kjempe mot

urett, må ein nok jobbe med både tilnærmingane. Men, eg synes at *nattverdens økonomi* si tilnærming gjer endring meir realistisk og overkomeleg og kan slik utfylle *økologisk økonomi* sin framgangsmåte, der denne kjem til kort. Samstundes må ein ikkje sjå burt i frå samspelet mellom det å skape endring på strukturnivå og på gruppe-/individnivå.

## 4.2 Menneskesyn

Menneskesynet i *økologisk økonomi* og i *nattverdens økonomi* er litt ulikt. Dette er interessant å undersøkje, av di dei stiller ulike krav til kva menneske har kapasitet til å utrette i prosessen mot eit meir berekraftig og rettferdig samfunn. I denne delen av oppgåva diskuterer eg *kva som kjenneteiknar menneskesyna i økologisk økonomi og nattverdens økonomi, og korleis det kristne menneskesynet i nattverdens økonomi kan utdjupe og utfordre menneskesynet i økologisk økonomi?* Eg presentere først humanistisk og kristent menneskesyn og plassere *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* inn i desse. Deretter legg eg fram likskapar og ulikskapar i menneskesynet mellom dei to posisjonane og drøfte dei opp mot kvarandre.

### 4.2.1 Humanistisk menneskesyn

Innanfor humanismen er det sekulære og religiøse retningar, og det er difor variasjonar i menneskesynet. Likevel rådar nokre fellestrekks som dannar ei grunnforståing. For det første er mennesket fornuftig. Det har høve til å reflektere og resonnere logisk over livet og omgjevnadane. Menneske kan analysere, argumentere og dra slutningar. Det kan planlegge livet i framtida, basert på fortida (Aadnanes 2012, 138-9). For det andre er menneske godt. Det kan erkjenne og utvikle etiske verdiar, og såleis handle moralsk godt. Mennesket må dannast gjennom kunnskap, utdanning og kultur for å lære å gjere det gode. Det humanistiske er eit optimistisk menneskesyn (Aadnaden 2012, 138+142-4). For det tredje er menneske myndig, i den forstand at det har fridom og sjølvstende. Det kan vere herre i eiga verd. Det er frigjort frå religion og har berre eigen fornuft som autoritet (Aadnanes 2012, 138 + 144-6).

### 4.2.2 Kristent menneskesyn

Innanfor eit kristent menneskesyn er det òg ulike strøymingar. Når eg gjev ei generell skildring, er eg klar over at dette ikkje famnar alle nyansane. Eg vil bruke tre sentrale punkt for å gjere greie for eit kristent menneskesyn. For det første er mennesket skapt av Gud. Det står ein skapar bak, så det er skapt med mein og ikkje av tilfeldigheit. Mennesket er skapt i Guds bilete, med ei forvaltarrolle i skaparverket. Difor med ansvar for å verne om alt det

skapte (Aadnanes 2012,110-12). For det andre er mennesket syndig. Dette tyder at tillitsrelasjonen til Gud vart broten gjennom syndefallet og menneske byrja sjølv å skilje mellom godt og vondt. Menneske kan påføre andre smerte med intensjon (Aadnanes 2012, 113-16). Dette punktet stridast det om m.a. når det gjeld arvesynd. For det tredje er mennesket frelst og forsona med Gud gjennom Jesu gjerning på krossen. Det er Guds handlingar, ikkje menneskets, som gjenopprettar og forsonar relasjonen mellom menneske og Gud.

Humanistane kritiserer dette for å vere pessimistisk, sidan mennesket ikkje kan reparere sin relasjon til Gud med eigen kraft. Men det er positiv ved at menneske har høve til å gjere godt mot andre (Aadnanes 2012, 116-17).

#### **4.2.3 Humanistisk menneskesyn i økologisk økonomi**

*Økologisk økonomi* inneheld eit humanistisk menneskesyn (Ingebrigtsen 2014). *Økologisk økonomi* handlar om korleis menneske kan danne nye strukturar for sosial endring. I det kan ein kjenne att det humanistiske menneskesynet. Ein finn att dei tre fellestrekka eg nemnde ovanfor. For det fyrste er mennesket fornuftig i eit humanistisk menneskesyn. I dette ligg det som nemnd, at menneske kan resonnere seg logisk fram til gode løysingar for korleis framtida skal sjå ut, basert på fortida. Det er nærmast det *økologisk økonomi* er. Ein teori, utvikla av at nokon har sett at måten me lever på no ikkje er berekraftig og rettferdig, for så å resonnere seg fram til nye samfunnsstrukturar. For det andre står eit humanistiske menneskesyn for at menneske vel å gjere det gode, dersom det har tilstrekkeleg kunnskap om korleis dei skal gjennomføre det. I *økologisk økonomi* ligg det nærest ei forventing om at menneskeheita vil implementere *økologisk økonomi* dersom dei veit kor skadeleg overforbruk og noverande livsstil er. For det tredje inneheld eit humanistisk menneskesyn ein tru på menneske som frigjort frå religion og andre autoritetar. Innanfor *økologisk økonomi* kan ein sjå at det er ein tanke om at menneske er fri til å ta berekraftige val og at det difor kan utjamne den skeive ressursfordelinga ved å jobbe hardt nok.

#### **4.2.4 Kristent menneskesyn i nattverdens økonomi**

Det kristne menneskesynet eg har skildra her er generelt. Likevel kan ein kjenne att dei sentrale punkta eg nemnde ovanfor i litteraturen om *nattverdens økonomi*. Det fyrste punktet handlar om at mennesket er skapt av Gud, i relasjon til han og med forvaltaransvar.

Gjennomgåande i *nattverdens økonomi* er det tydeleg at Gud gjer mennesket verdi og at mennesket kan leite i Gud for å tilfredsstille sin lengsel. I tillegg handlar *nattverdens økonomi*

om å forvalte det Gud har gjeve menneske på ein rettferdig og kjærleg måte. Det andre punktet er at mennesket er syndig. Dette ser me att i *nattverdens økonomi*, ved ei erkjenning av at det skjer mykje vondt i verda gjennom det menneske gjer mot kvarandre. Gjennom å utnytte billig arbeidskraft eller lure andre til å kjøpe varer for å tilfredsstille behov. Men, det er òg ei forståing av at mennesket kan gjere det som er godt ved å inkludere i fellesskap, dele av godar, ta berekraftige val og bidra til å jamne ut skeiv ressursfordeling. Det tredje punktet er at mennesket er frelst og avhengig av Guds nåde og kjærleik for å leve i relasjon med Gud. I *nattverdens økonomi* er det fokus på Guds nåde og hjelp til å gjere det som er godt for andre. Ein kan hente styrke i nattverdsfellesskapen for å lære å leve annleis i kraft av Guds nåde. Å gjere det gode er ikkje menneskets oppgåva åleine, Gud bidreg òg.

#### **4.2.5 Likskapar mellom økologisk økonomi og nattverdens økonomi sine menneskesyn**

I det følgjande vil eg gjere greie for to konkrete likskapar mellom synet på mennesket i *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Likskapane tydeleggjer at det er relevant å samanlikne menneskesynet i dei to posisjonane, for så å diskutere dei opp mot kvarandre.

I denne oppgåva har eg nemnd *økologisk økonomisk* argumentasjon for å vere kritisk til homo economicus. Heilt kort går det ut på at økonomar gløymer at homo economicus er ein abstraksjon av mennesket, og at mennesket er mykje meir enn det. På dette planet synast det kristne menneskesynet i *nattverdens økonomi* å vere samde med denne argumentasjonen i at menneske er meir enn at det tilfredsstillast av varer på marknaden. Det er ikkje berre individualistisk og det har ikkje verdi utifrå tinga dei eig.

Gjennom *økologisk økonomi* introduserast omgrepene mennesket-i-fellesskap, som tyder at menneske er avhengige av sosiale relasjoner. Menneske bygger delvis si sjølvoppfatning ved å vere del av eit fellesskap. Det er likskapar og samstundes ei viss spenning mellom dei to menneskesyna her. Det humanistisk menneskesynet opphøgjer individualismen, men på dette punktet er det likevel i tråd med eit kristne menneskesynet. Cavanaugh og Hagman legg vekt på fellesskapen i nattverden, og at ein forstår seg sjølv som lem på Jesu lekam. Dei er opptekne av at menneske med ulik bakgrunn samlast i nattverden og deler måltid i lag. Basert på det me har lært om dei to posisjonane i denne oppgåva, er det rimeleg å hevde at dei har denne fellesskapstanken til felles.

#### **4.2.6 Økologisk økonomi sitt menneskesyn versus nattverdens økonomi sitt menneskesyn**

Det er skilnadar mellom menneskesyna i dei to posisjonane. Desse skilnadane gjer at ein kan drøfte korleis dei kan utfylle og utdjupe kvarandre. Drøftinga vil legge vekt på at det kristne menneskesynet i *nattverdens økonomi* kan utfylle synet på korleis menneske kan bidra til å legge til rette for meir rettferdig og berekraftig samfunn.

#### **Menneskets fornuft**

Det humanistiske menneskesynet legg vekt på menneskets fornuft. Menneske har høve til å reflektere over eige liv og verda som omgjev det. Innanfor *økologisk økonomi* vil ein argumentere for at menneske kan bruke sine refleksjonar og fornuft til å forstå samanhengar mellom eigen livsstil og urett i verda. Mange veit nok ein del om dette gjennom nyhender og media. Basert på resonnement frå eit humanistisk menneskesyn, burde alle dei som veit nok, jobbe for eit meir rettferdig og berekraftig samfunn. Kvar er den politiske viljen til å ta drastiske grep, og den personlege innsatsen for å redusere forbruk?

For å svare på det, vil eg peike på nokre manglar ved det humanistiske menneskesynet i *økologisk økonomi*. Eg forstår at det humanistiske menneskesynet er meir nyansert enn det eg har presentert i denne oppgåva, likevel vil eg bruke nokre karikerte døme på å tydeleggjere poenget mitt.

*Økologisk økonomi* legg vekt på at sidan mennesket er eit sosialt vesen og avhengig av sosiale relasjonar, må økonomien vere ein fellesskapsøkonomi. Som nemnd tidlegare, vert det vist til John Rawls sin teori om at dei avgjerdene det rådar konsensus om, er dei mest berekraftige og resiliente. Innanfor *økologisk økonomi* er det altså ein føresetnad at menneske logisk resonnerer seg fram til gode løysingar alle er samde om. Dette føreset igjen at menneske alltid ynskjer å tene fellesskapen, og at dei i det heile tatt har høve til å verte samde.

Det kan verke som om *økologisk økonomi* ikkje tek høgd for den politiske breidda som finst i eit samfunn. Menneske har ulik livssituasjon og behov, og difor støttar ulike folk forskjellige partiprogram. Representasjon frå mange samfunnslag og parti, gjer at flest moglege røyster kan verte høyrd. Det høyrer med til eit demokrati. Dersom ein ynskjer konsensus om å implementere *økologisk økonomi* sine samfunnsstrukturar, har det trekk av tvang, slik eg har

nemnd tidlegare. Men poenget her er altså at det verkar som om *økologisk økonomi* operer med eit idealisert menneskesyn som alltid tener fellesskapen og klarar å få fram konsensus.

Representantar for *økologisk økonomi* er for lite konkrete i å forklare korleis menneske skal tilegne seg eigenskapane som trengs for å tene fellesskapen. Teologane innanfor *nattverdens økonomi* fremjar asketisk liv som døme på korleis kyrkja kan bidra til å danne menneske til å yte motstand mot destruktive krefter i samfunnet. Askesen tek høgd for at menneske ikkje er utrusta til å yte motstand. Det må øve seg i lag med andre, med kraft og visdom frå Gud. Innanfor *nattverdens økonomi* anerkjenner ein at menneske treng tilgjeving og nåde og er difor ikkje perfekte. Eit kristen menneskesyn føreset at menneske kan ta val som fremjar eigen vinning. Dei har syndig natur, men høve til å prøve og feile og slik øve seg til å ta gode val. Dette er eit døme på korleis menneske i fellesskap kan øve seg på å danne seg til å ta val som fremjar rettferd og berekraft. *Økologisk økonomi* har noko å lære av denne måten å tenkje på. Som nemnd tidlegare er det eit ynskje frå forkjemparane for *økologisk økonomi*, at endringane må implementerast gjennom utdanning og informasjon i mindre fellesskap. Her er det grunnlag for eit mogleg samarbeid mellom kyrkja og *økologisk økonomi*.

Dette tyder ikkje at det kristne menneskesynet i *nattverden økonomi* svarar på spørsmålet om kvar det politiske og personlege engasjementet er. Cavanaugh og Hagman hevdar at vegen til endring er gjennom fellesskap som kroppsleggjer Jesu gjerning gjennom handlingar. Dei meiner òg at desse fellesskapa allereie eksisterer m.a. gjennom nattverdsfeiring. Likevel er det mykje urett i verda. Men, eit kristent menneskesyn kan utfordre og utfylle manglar i *økologisk økonomi* si tilnærming til menneske.

### **Menneskets godleik**

Som nyss nemnd, legg eit humanistisk menneskesyn til grunn at menneske tek det moralsk korrekte valet om å gjere det gode, dersom det er opplært og danna til det. Innfor *økologisk økonomi* vil det då vere ei forståing om at dersom menneske har tilstrekkeleg kunnskap om *økologisk økonomi* si forståing av rettferdig ressursfordeling og berekraftig liv, vil alle menneske implementere desse prinsippa og leve etter dei. Men slik er det jo ikkje. Vil det då seie at *økologisk økonomi* ikkje har informert godt nok om kva som er rettferdig og berekraftig, slik at menneske ikkje er utdanna tilstrekkeleg til å gjere gode val?

For å illustrere dette poenget, brukar eg døme med *økologisk økonomi* sitt forslag om å basere økonomisk system på menneskelege behov. I eit kristent menneskesyn legg ein til grunn at alle menneske har høve til å gjere det vonde, tenkje egoistisk og å øydelegge for andre. Det vil alltid vere nokon som er uærlege, utnyttar andre og ikkje ynskjer å tene fellesskapen.

Dersom ein kjem så langt at ein baserer økonomiske system på menneskelege behov, vil det vere nokon som utnyttar systemet og brukar alle midlar for å skaffe seg meir enn det som skal til for å dekke grunnleggande behov. Dei strukturelle endringane vil difor ikkje vere nok.

*Nattverdens økonomi* med eit kristent menneskesyn vil nok argumentere for at det ikkje handlar om kva menneske har kunnskap om. Grunnen til at verda ikkje er berekraftig og rettferdig vil ein forklare ved at menneske har syndig natur. Sjølv om det ynskjer å gjere det som er godt, har det òg i seg å gjere det som er vondt.

Eit kristent menneskesyn legg vekt på at menneske er skapt av Gud og oppretthaldast ved Guds kraft. *Nattverdens økonomi* kan òg kritisera for å avvike litt frå dette menneskesynet, ved å ha for stor tru på menneskets evne til å oppretthalde kyrkjas fellesskap gjennom sine handlingar. Denne kritikken finn eg støtte for hjå Healy (2014, 130). Eit kristent menneskesyn minner kristne på at ein kan kvile i at Gud gjev styrke og rettleiing. Ved å tilegne menneske ansvaret med å oppretthalde kyrkja, går menneske utover sin evner. *Nattverdens økonomi* har nok litt for stor tru på kva menneske kan utrette.

På den eine sida kan det verke som om denne sida ved eit kristne menneskesynet fornedorar menneske, ved å seie at menneske er makedlaust. Men det er ikkje meint slik. Det er meint som ei oppmuntring. Det er ikkje lagt ei forventing på menneske om å klare det umoglege áleine. Kyrkjas fellesskap kviler ikkje på menneskelege prestasjonar, og det er ikkje kristne si byrde å sørge for at fellesskapen er perfekt. Det er ei påminning om at det er greitt at menneske, som har syndig natur, ikkje alltid strekker til. Menneske er likevel verdige å elske ved at det finst tilgjeving i nåden.

Som me har lært tidlegare har *nattverdens økonomi* eit kristent menneskesyn som inneholder tanken om at menneske har valet om å gjere både det gode og det vonde, uavhengig av kunnskap og danning. På dette punktet utfordrar *nattverdens økonomi* *økologisk økonomi* sitt syn på kva menneske faktisk kan utrette. Teologar og tilhengjarar av *nattverdens økonomi* vil nok hevde at *økologisk økonomi* har eit urealistisk mål i å få menneske til å implementere t.d.

økonomiske system basert på menneskelege behov. Menneske har òg høve til å gjere det som er vondt. Humanistane vil nok kritisere det kristne menneskesynet for å vere for pessimistisk. Det er ikkje poenget med dette resonnementet å hevde at det er umogleg eller at ein ikkje skal forsøke å danne fellesskapsøkonomi med økonomiske system basert på menneskelege behov. Poenget er at eit kristent menneskesyn kan åtvare og minne om at menneske òg har høve til å gjere det som er vondt, slik at ein må ta høgd for det i utforminga av nye økonomiske system.

### **Menneskets autoritet**

Som me såg i presentasjonen av det humanistiske menneskesynet, meiner humanistane at menneske er autonomt og fritt for innblanding av religion eller Gud. Menneske har sjølv ansvar for å danne seg til medvitne borgarar ved å tilegne seg tilstrekkeleg kunnskap til å ta gode val, då det er sjølve autoriteten. Med menneskesynet i *nattverdens økonomi* vil ein argumentere for at så stor vekt på fornuftig refleksjon og autonomi gjev menneske eit altfor stort ansvar for jordkloden. Som nemnd ovanfor, i kapitelet om *nattverdens økonomi*, har kristne ofte ei von om at Gud òg bidreg til kampen for rettferd. I motsetnad til det humanistiske menneskesynet, der mennesket er autonomt utan andre autoritetar enn seg sjølv, er Gud autoriteten den kristne rettar seg mot for nåde, kjærlek og rettleiing. Som kristen kan det vere tryggleik i å vite at Gud gjev kraft og visdom til å gjere det ein kan. Denne tilliten til gudsrelasjonen, lindrar menneskets forventing til å ha kontroll og oversikt over det som ikkje kan kontrollerast. For mange kristne gjev det von at Gud har lova at han ein dag vil gjere alle ting nye. Når det er sagt, verkar nok dette veldig skremmande for dei som ikkje trur på ein allmektig Gud.

Dersom ein skal argumentere som Cavanaugh og Hagman, er det er den spesifikke nattverdsfellesskapen som tydeleggjer skilnadane i menneskesynet mellom *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Dei meiner at det som gjer nattverdsfellesskapen annleis enn andre fellesskap, er at alle som møtast der erkjenner at dei treng tilgjeving og Guds nåde. Det er nettopp denne feilbarlegheita som gjer at menneske har fellesskap med kvarandre. Dei vil vidare hevde at det ikkje handlar om å framheve innsatsen og prestasjonen til menneske, men heller rette fokus mot at Gud gjev kraft, styrke og velsigning til å utrette det som er godt.

Eit kristent menneskesynet handlar om at mennesket lever i relasjon med Gud. Det er i denne relasjonen menneske er fullkome. Dette seier *nattverdens økonomi* mykje om, men det seier

ikkje mykje om bidraget til dei som ikkje har ein relasjon til kyrkja sitt fellesskap. Det finst mange ikkje-kristne som lever dedikert for andre og jobbar mot endring i undertrykkande samfunnsstrukturar. Igjen må eg trekke fram kritikken mot *nattverdens økonomi* om at kyrkja forståast som separert frå verda elles (Bexell og Grenholm 1997, 235). *Nattverdens økonomi* legg altså stor vekt på det gode som skjer i kyrkjas fellesskap, men lite på korleis dei utanfor kyrkja bidreg.

Her ser ein tydeleg skilnad på menneskesynet i *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. For å setje det på spisse gjev det fyrste synet menneske ansvaret for heile verda, og det er eit enormt press. Det andre gjev menneske styrke og kvile til å gjere det dei kan i fellesskap, for så å vite at det er Gud er med i kampen. Å lette børa for menneske som kjempar for det gode, gjev motivasjon til å halde fram. Det er eit kristent menneskesyns bidrag til forkjemparane for *økologisk økonomi* sin kamp mot eit meir rettferdig og berekraftig samfunn.

Samstundes er det forståeleg at dette resonnementet er skremmande for nokon som ikkje trur på ein allmektig Gud. Dersom ein ikkje er kristen, vil nok dette vere vanskeleg å akseptere.

#### **4.2.7 Oppsummering**

Det humanistiske menneskesynet i *økologisk økonomi* har noko å hente frå *nattverdens økonomi* sitt menneskesyn. Eit kristent menneskesyn bidreg til å utfylle *økologisk økonomi* si forståing av menneske. Det minner om at menneske har evne til å gjere det vonde. I tillegg gjev *nattverdens økonomi* eit døme på at menneske kan verte danna til å leve meir berekraftig og fremje rettferdig ressursfordeling gjennom å leve asketisk. Likevel er det forståeleg at det er vanskeleg for ikkje-kristne å akseptere at det finst ein god Gud som gjev menneske nåde og styrke til å halde fram.

### **4.3 Utopisk tenking**

*Økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* har utopiske visjonar om korleis eit berekraftig og rettferdig samfunn ser ut. Det at dei er utopiar gjev styrkar og manglar. At dei er utopiske på ulike måtar gjer at dei kan utfordre og utfylle kvarandre. I denne delen av oppgåva svarar eg på *korleis dei utopiske trekka innanfor nattverdens økonomi utfordrar og utdjupar den utopiske tenkinga økologisk økonomi representerer*. I det følgjande vil eg gjere greie for kva

eg meiner med utopisk tenking, for så drøfte korleis dei to posisjonane kan bidra til å legge til rette for meir rettferdige og berekraftig samfunn.

#### ***4.3.1 Kva utopisk tenking er***

Ein utopi er eit idealsamfunn som individ eller ei gruppe ynskjer å verkeleggjere. Samfunnet framstilla som godt og fullkome (Mathisen 2006, 421). Men, i daglegtale og politisk retorikk assosierast ordet utopi til urealistiske og urealiserbare idear og ideal (SNL 2014). På 1900-talet vart fleire ideologiar med utopiske trekk, som nazisme og kommunisme, prøva ut. Etter andre verdskrig var difor skepsisen til utopiar stor og den mista truverdigskap. Andre retningar har dominert innanfor samfunnsvitskapen. Kritikken mot utopisk tenking er omfattande, og samfunnsvitarar vel difor ofte å avfeie den fullstendig. Kritikken går i store trekk ut på at utopiar er urealistiske og at for høge idealistiske mål korrumperast i møte med røynda. Det er naivt å tru at utopiske ideal kan gjennomførast (Harvold 2007, 78-80). Kritikken er altså krass. Likevel lever den vidare innanfor samfunnsvitskapen. Det kan tyde på at det kanskje er noko å lære av utopisk tenking.

#### ***4.3.2 Det positive med utopisk tenking***

I seinare tid har utopisk tenking har hatt svekka oppslutting i samfunnsvitskapen. Likevel er det viktig å lære av utopiar. Det interessante med utopiar er ikkje å prøve å røynleggjere ideala, men heller å sjå kontrasten den presenterer til samtida (Harvold 2007, 81).

Utopiforskar ved UiO, Christer Werner Mathisen, argumenterer for at utopisk tenking fortener ein større plass i samfunnsvitskapen (Mathisen 2006, 421). Ein av grunnane til det er at utopisk tenking stimulerer politiske og personlege refleksjonar både i og utanfor akademia. Utopiar handlar ofte om korleis ein kan kjempe mot ulikskap og urett og oppmode til fellesskap og solidaritet. Han meiner at dette alltid vil ha relevans i dagens samfunn (Samfunnsviter'n, 2016). Ein annan grunn han gjev, er at utopiske ideal og idear ikkje er meint å vere bokstavelege oppskrifter på korleis samfunnet bør sjå ut (Mathisen 2006, 429). Det er ikkje meint å vere detaljerte kart over det perfekte samfunn, eller forståast med forventing om å finne det. Men, heller å syne at ein kan gjere endring på urenheten i samfunnet.

Poenget med utopiar er å minne oss på at økonomiske og politiske realitetar kunne vore strukturert annleis. Det gjev idear til korleis me kan forbetra samfunnet (Mathisen 2006, 423).

Utopiar gjev draumar, von og eit føremål med livet. Dei oppmodar til å jobbe mot eit betre samfunn. Mathisen (SNL 2016) hevdar til og med at utopiar gjev oss inspirasjon til å tenkje meir fantasifullt, dristig, systematisk og kritisk til kva me meiner med «det gode liv» i eit «godt samfunn». Det er t.d. ein rådande tankegang i samtida vår om at det ikkje finst noko alternativ til deregulering og marknadsstyring. Då vert det ein sjølvoppfyllande profeti. Å la seg inspirere av utopisk tenking er ei motgift til ein slik tankegang.

For å illustrere korleis utopiar kan brukast til å inspirere til endring, brukar Mathisen døme med økopolitiske utopiar. Det er fleire Stortingsmeldingar innanfor miljø og utvikling som stadfestar at velferdsstaten er avhengig av vekst for å legge til rette for eit godt samfunn. Fokuset er ikkje om staten treng vekst, men kva type vekst det er behov for. Grunngjevinga for dette, er at velferda vår er avhengig av høve til å forbruke. Økopolitiske utopiar skildrar korleis ein kan realisere eit godt liv ved hjelp av andre midlar enn forbruk, som kulturelle syslar og deltaking i sosiale fellesskap. Slike økopolitiske utopiar kan utvide politisk tenking og politiske alternativ, ved å synleggjere kor mykje som ligg utanfor rådande politisk register og rammer (Mathisen 2006, 425-6). Faren ved å bruke utopisk tenking, er at det kan gå over i uforpliktande konkurranse om å vere mest mogleg kritisk til dagens samfunn, og berre fremje ein måte å leve godt på.

#### **4.3.3 Økologisk økonomi som utopi**

*Økologisk økonomi* er utopisk då den uttrykker eit samfunn der alle har som formål å fremje det beste for andre. Alle ynskjer rettferdig fordeling av ressursar slik at det er nok til at alle kan leve eit godt liv. Det kan minne om det Mathisen kallar ein økopolitisk utopi. *Økologisk økonomi* fremjar endring på strukturnivå, og difor endring ovanfrå og ned. Endringane skal riktig nok skje i på lokalt plan, i små fellesskap, men med føringar frå premissane *økologisk økonomi* legg for kva eit godt samfunn er. Det omfattar at alle menneske må forstå økonomi på ein ny måte frå individnivå til strukturar på verdsbasis. For at *økologisk økonomi* skal realisere sin utopi er det mange strukturar og haldningsendringar som må vere på plass først. Litteraturen innanfor *økologisk økonomi* skildrar ei verd med berekraftige samfunn der menneske har høg livskvalitet, lever i fellesskap og ikkje forbrukar meir enn det som er naudsynt. Ein kan nesten skimte ei verd utsydda for fattigdom ved at ressursfordelinga er utjamna og menneske ikkje manglar noko. I denne drøftinga legg eg altså til grunn at *økologisk økonomi* har utopiske trekk.

#### **4.3.4 Nattverdens økonomi som utopi**

*Nattverdens økonomi* har utopiske trekk. Den uttrykker eit ynskje om eit samfunn basert på fellesskapet nattverden illustrerer for oss. Eit kjærleksfellesskap der alle, uavhengig av bakgrunn, kjønn, alder eller status tener kvarandre. Alle tek omsyn til kvarandre og tek i mot Guds tilgjeving og nåde. Det handlar om ein utopi som veks fram i det små, frå grasrota. For dei som lever i vona om denne utopien finst det allereie små utopiar som eksisterer i nattverdsfellesskap, små handlingar og sosiale relasjonar. I litteraturen innanfor *nattverdens økonomi* ligg ei von om ei rettferdig og berekraftig verd. Dette som resultat av at menneske kan øve seg opp til å ta val om å gjere det som er godt. For å hindre at menneske vel å gjere det som er vondt, er vona at nattverdsfellesskapen og anna kyrkjeleg praksis kan bidra til å styrke menneske. Danne det til å yte motstand mot det som er destruktivt i samfunnet. For å gjere endring i eit samfunn, er tanken at ein må byrje med å endre menneska i det.

*Nattverdens økonomi* skildrar slik sett ikkje eit utopisk samfunn, slik *økologisk økonomi* gjer. Det utopiske trekket ved *nattverdens økonomi* handlar om å danne motstandsdyktige menneske som vidare kan endre samfunnet til å fleire utopiske trekk. Eg legg altså òg til grunn at *nattverdens økonomi* har utopiske trekk i den følgjande drøftinga.

#### **4.3.5 Økologisk økonomi med detaljert kart**

Som me har sett gjennom denne oppgåva, fremjar *økologisk økonomi* strukturell endring på alle nivå. Me har òg sett at visjonen *økologisk økonomi* har for eit samfunn med rettferdig ressursfordeling og berekraftig liv, har utopiske trekk. Sjølv om utopisk tenking ikkje handlar om å realisere og påtvinge andre ein måte å leve på, har *økologisk økonomi* nokre utfordringar når det gjeld dette. Dersom strukturar i økonomien slik me kjenner han skal endrast, må alle som nyttar seg av det økonomiske systemet vere med på endringa. Slik tilhengjarane av *økologisk økonomi* skildrar det, må alle byrje å forstå økonomi med vekst, utvikling og redusert forbruk på same vis som dei gjer. Med eit kritisk syn, kan *økologisk økonomi* forståast som eit tankeeksperiment alle menneske må vere med på, for at det skal realiserast.

*Økologisk økonomi* presenterer ein samfunnsplan, eller eit detaljert kart, for korleis samfunnet bør strukturerast og sjå ut. Dette er i tråd med korleis utopiforskarar skildrar utopiske ideal. Basert på materialet i denne oppgåva, har akademikarar innanfor *økologisk økonomi* utfordringar med å forklare steg for steg korleis samfunnet skal nå dit dei ynskjer. Det gjer at ein kan undre på om forkjemparar for *økologisk økonomi* tenker for bokstavleg om

implementering av endringane dei fremjar. Det er vanskeleg å vite om dei ynskjer politikarar skal brukar utopien som inspirasjon til å sjå alternative løysingar på samfunnsproblem, eller om dei fokuserer mest på å lage eit detaljert kart for korleis dei meiner at samfunnet bør sjå ut. Basert på datamaterialet i denne oppgåva, kan det verke som om det er dette siste som er fokuset. Dersom det er tilfellet, verkar det røyndomsfjernt og umogleg å gjennomføre.

*Nattverdens økonomi* er som nemnd, utopisk på ein annan måte. Utopien veks fram litt etter litt. Det er ikkje fokus på å lage detaljerte kart for korleis samfunnet skal sjå ut. Slik me såg tidlegare, åtvarar faktisk *nattverdens økonomi* mot å tenkje seg fram til løysingar på eit betre samfunn. Cavanaugh kallar det imaginære fellesskap når ein berre mentalt tenkjer at ein har eit inkluderande fellesskap i nattverden, utan å konkret praktisere det i kvardagen. Teologar innanfor *nattverdens økonomi* vil nok hevde at utopien *økologisk økonomi* skildrar, er eit imaginært samfunn. *Økologisk økonomi* kan sjå til *nattverdens økonomi* for å verte inspirert til korleis ein kan la seg inspirere av utopiske ideal, for så å leve det ut og la utopien vekse fram litt etter litt.

#### **4.3.6 Nattverdens økonomi med urealistisk forventing**

I følgje utopiforskar Mathisen ved UiO, er ikkje poenget med utopiar å realisere dei men å syne kontrasterande løysingar til dagens samfunnssituasjon. Difor er det kanskje naturleg at utopiar har urealistiske mål for korleis samfunnet skal sjå ut. Dersom ein har for stor tru på skildringane av utopien, er det ei fallgruva at ein gløymer røynda og menneskelege trekk ved livet ein lever no. Innanfor *nattverdens økonomi* er det ei forståing av at utopiar, eller inkluderande og kjærlege fellesskap, allereie eksisterer i det små, gjennom at kristne kroppsleggjere Jesus gjennom konkret praksis i kvardagen. Vona er at samfunnet kan endrast litt etter litt. Fokuset i *nattverdens økonomi* er på kyrkjeleg praksis og det kristne gjer i kraft av Gud. Det kan verke som om teologane som representerer *nattverdens økonomi* har ei litt urealistiske forventing til kva kyrkja og kristne kan utrette av endring.

*Nattverdens økonomi* spring utifrå postsekulær politisk teologi, som mellom anna Hauerwas representerer. Den strøyminga kan kritisera for å ha for stor tru på kva kristne i kyrkja faktisk kan utrette i verda. Ved å ha for stort fokus på kyrkja, gløymer ein dei som ikkje er kristne. Bexell og Grenholm (1997, 235) støttar denne kritikken. Denne kritikken kan òg rettast mot Cavanaugh og Hagman. Det skapast eit skilje mellom det kyrkja utrettar og resten

av verda. Men i praksis er kyrkja i verda og det er òg ikkje-kristne som lever i inkluderande og kjærlege fellesskap. *Nattverdens økonomi* kan difor ha urealistiske forventingar til den pluralisterte og multikulturelle røynda menneske lever i.

Ein kan seie at *nattverdens økonomi* har urealistiske forventingar til verknaden av enkeltpersonar eller mindre fellesskap sine handlingar. Eit menneske eller ei lita gruppe, med nokre gode gjerningar kan ikkje realisere det utopiske samfunnet *økologisk økonomi* eller *nattverdens økonomi* skildrar. Her er det altså ein utopisk tanke om kva menneske kan utrette som er problematisk, heller enn det detaljerte kartet over strukturendringar *økologisk økonomi* presenter. Ein kan ikkje forvente at små fellesskap av idealistar kan få alle menneske med på den same tanken. Menneske er ulike, har forskjellige behov og tenker ulikt om kva som er eit godt liv eller eit rettferdig samfunn. Som me tidlegare har sett, meiner teologane innanfor *nattverdens økonomi* at ein kan bidra til endring ved å syne samfunnet at ein kan leve på ein alternativ måte til samfunnet elles. Vidare vil dei seie at nattverdsfellesskapet, som feirast over heile verda, er døme på gode fellesskap som kan skape endring. Men livsstilen vår er framleis ikkje berekraftig eller rettferdig.

Men, dersom ein som kristen ikkje har tru på at Gud kan bruke kristne i kyrkja til å skape endring, gløymer ein Guds livgjevande kraft. Fellesskapstanken Gud har for kyrkja er noko kristne bør jobbe mot å realisere. Men, det er litt pretensiøst å hevde at kyrkja er ein modell og eit døme for korleis verda elles skal sjå ut. Medlemene i kyrkja er like mangelfulle som dei som ikkje er kristne, og det er desse mangelfulle medlemene som skal utøve fellesskapen. Det kan verke som om Hauerwas gløymer, eller vel å ikkje seie så mykje om, at dei som ikkje er kristne kan òg leve i fellesskap basert på kjærleik.

Ein treng òg dei strukturelle endringane *økologisk økonomi* fremjar, for å utgjere ein skilnad. Det finst døme på at enkeltpersonar sin kamp har leia fram til strukturelle endringar. I tillegg kan strukturelle endringar bidra til å oppretthalde varig endring. Avskaffing av kastesystemet, kvinners rettar og kamp for menneskerettane, kan vere slike døme. Menneske treng nok regulering, lovar og strukturar for å verne om eit godt liv. Likevel er det innsatsen til enkeltpersonar som må til for å handheve strukturane. Difor trur eg det er avgjerande for *økologisk økonomi* å ta lærdom frå *nattverdens økonomi* si oppmoding til små fellesskap om å leve annleis, for å spreie og realisere bodskapen om det samfunnet *økologisk økonomi* tilbyr.

#### **4.3.7 Oppsummering**

Utopiforskarar skriv at ein bør bruke utopiar som inspirasjon til å sjå at det finst alternative løysingar på samfunnsproblem. Både *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* har i seg mange døme på korleis ein kan danne meir rettferdige og berekraftige samfunn.

Forkjemparane for *økologisk økonomi* fokuserer mest på å danne detaljerte kart og planar for korleis samfunnet skal sjå ut. Dei både skildrar det som er problematisk og gjev løysingar.

*Nattverdens økonomi* har sterkt tru på konkret kyrkjeleg praksis, og kva det kan utrette for eit betre samfunn. Kanskje er det for sterkt tru på kva små fellesskap kan utrette, men det er likevel verdt å undersøkje og la seg inspirere. Samspelet mellom dei utopiske strukturendringane *økologisk økonomi* skildrar, og dei få sin innsats *nattverdens økonomi* skildrar, kan få gjennomslagskraft til å fremje rettferd og berekraft.

## 5 Konklusjon

I denne oppgåva har eg diskutert korleis Cavanaugh og Hagman si forståing av Nattverdens økonomi kan bidra til å utdjupe og utfordre visjonen økologisk økonomi kan gje for eit meir berekraftig og rettferdig samfunn. Drøftinga har vist at eg har diskutert korleis dei to posisjonane utfordrar og utdjupar kvarandre, men med ei hovudvekt på korleis nattverdens økonomi kan påverke økologisk økonomi. Eg har anvendt tre teoretiske rammeverktøy til å drive fram drøftinga. Desse brukar eg som utgangspunkt til å trekke konkluderande merknader. Oppgåvas omfang, med avgrensa litteratur, gjer at eg ikkje kan dra absolutte konklusjonar. Som nemnd tidlegare, er det òg verdt å hugse at hermeneutisk teksttolking ikkje gjev absolutte sanningar.

Frå diskusjonen om økologisk økonomi og nattverdens økonomi i kontekst av de Certeau sin teori om strategi og taktikk, kan eg dra tre slutningar. For det fyrste at samspelet mellom dei ulike tilnærmingane er hensiktsmessige for å oppnå meir rettferdig ressursfordeling og berekraftige samfunn. For det andre, at økologisk økonomi kan sjå til kyrkja for å implementere visjonen om rettferdig og berekraftig liv. Kyrkja består av mange små nattverdsfellesskap som har høve til å gjennomføre endringane økologisk økonomi foreslår. For det tredje kan ein seie at nattverdens økonomi si taktiske tilnærming er ei slags forlenging av den strategiske tilnærminga i økologisk økonomi.

Frå diskusjonen mellom det humanistiske menneskesynet i økologisk økonomi og det kristne menneskesynet i nattverdens økonomi, kan eg dra to slutningar. For det fyrste, at eit kristent menneskesyn lindrar presset på enkeltpersonar sitt ansvar for å fikse verda. Eit kristent menneskesyn legg til rette for tillit til og tru på eit samarbeid med Gud. Dette er vanskeleg å akseptere for ei som ikkje trur. For det andre, at konsensustanken innanfor økologisk økonomi krev idealistiske menneske som ynskjer å tene fellesskapen, er litt urealistiske. Eit kristent menneskesyn som anerkjenner at menneske har høve til å gjere både godt og vondt, kan bidra til å nyansere dette.

Basert på diskusjonen om økologisk økonomi og nattverdens økonomi sine utopiske trekk, kan eg dra to slutningar. For det fyrste, at det ikkje er hensiktsmessig å lese posisjonane som skildringar av bokstavlege samfunn me skal konstruere, men heller som inspirasjon til å sjå

alternative løysingar på samfunnsproblem. For det andre, at det er fleire døme og forslag innanfor både *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* som me kan la oss inspirere av.

Denne oppgåva diskuterer eit mogleg samarbeid mellom *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi*. Eg trur det kan vere fruktbart for både posisjonar og lære av kvarandre og dra nytte av høva som ligg i eit slikt samarbeid.

Kunnskap frå *økologisk økonomi* og *nattverdens økonomi* kan vere spanande å ta med inn i diakonifeltet. For det fyrste gjev det perspektiv som kan forme diakonen, kyrkjelyden og kyrkja generelt. For det andre gjev det konkrete døme på korleis diakonien kan ta fatt på *vern om skaparverket* og *kamp for rettferd*. Diakonien har røynsler frå lokale og globale samanhengar. Eg trur dette, i kombinasjon med kunnskap frå denne oppgåva, kan gjere diakonien relevant og aktuell i den pågåande samfunnsdiskusjonen om berekraft og rettferd.

## 6 Litteraturliste

- Aadnanes, Per M. (2012). *Livssyn*. 4 utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ariksen, Per. (1992). *Miljøfilosofi. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bexell, Göran og Carl-Henric Grenholm. (1997). *Teologisk etik. En introduktion*. Stockholm: Verbum Forlag.
- Bibelen* (2011). Oslo: Bibelselskapet.
- Cavanaugh, William T. (1998). *Torture and Eucharist: Theology, Politics and the Body of Christ*. Malden: Blackwell Publishing.
- Cavanaugh, William T. (2002). *Theopolitical Imagination: Discovering the Liturgy as a Political Act in an Age of Global Consumerism*. London: Bloomsbury.
- Cavanaugh, William T. (2013). *Nattverdens økonomi*. Oslo: Luther Forlag AS.
- Cavanaugh, William T. (2016). *Field Hospital: The Church's Engagement with a Wounded World*. Michigan: Eerdmans Publishing Co
- Certeau, Michel de. (1984). *The Practice of Everyday Life*. Berkeley: University of California Press.
- Costanza, Robert, John Cumberland, Herman Daly, Robert Goodland og Richard Norgaard. (1997). *An Introduction to Ecological Economics*. Raton: St. Lucie Press and ISEE.
- Daly, Herman E., og John B. Cobb, Jr. (1991). *Det fælles bedste. En økologisk økonomi for fællesskab og fremtid*. Gjern: Hovedland.
- Den norske kyrkja. (2014). *Kort historisk overblikk over miljø- og klimaengasjement*. Henta 19.06.2017 frå:  
<https://kirken.no/nb-NO/gronnkirke/slik-jobber-vi/kirkens-okende-engasjement/>
- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2014). *Generelle forskningsetiske retningslinjer*.
- De nasjonale forskningsetiske komiteer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi (NESH)(2006). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaiora, juss og teologi*.
- DePaul. (2016). *William Cavanaugh*. Henta 19.05.2017 frå:  
<https://las.depaul.edu/academics/catholic-studies/faculty/Pages/william-cavanaugh.aspx>
- Det lutherske verdensforbund. (2009). *Diakoni i kontekst*. Genève: The Lutheran World Federation

- Dietrich, Stephanie. (2011). Systematisk-teologisk grunnlag for diakontjenesten. I: Dietrich, Stephanie, Kari Karsrud Korslien og Kjell Nordstokke (red.). *Diakonen – kall og profesjon*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.
- Eckerdal, Jan. (2012). *Folkkyrkans kropp: Einar Billings ekklesiologi i postsekulär belysning*. Skellefteå: Artos.
- Eide, Solveig Botnen og Berit Skorstad. (2008). *Etikk – Til refleksjon og handling I sosialt arbeid*. 2.utg. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Ekins, Paul (Red.) og Manfred A. Max-Neef (Red.). 1992. *Real-Life Economics. Understanding Wealth Creation*. London og New York: Routledge.
- Fagermoen, Tron. (2014). Etter folkekirken? En krittisk diskusjon av neo-anabaptismen som veileder for de nordiske kirkene. *Tidsskrift for praktisk teologi*, 2014 (2): 24-35.
- Forskning.no. (2016). *Vet du hvor mange klesplagg du har?*. Henta 02.05.2017 frå: [http://forskning.no/2016/07antall\\_klesplagg](http://forskning.no/2016/07antall_klesplagg)
- FN-Sambandet. (2017). *Bærekraftig utvikling*. Henta 31.05.2017 frå: <http://www.fn.no/print/topic/18369>
- Hagman, Patrik. (2010). *The Asceticism of Isaac of Nineveh*. Oxford: Oxford University Press.
- Hagman, Patrik. (2012). *Om Kristen motstand*. Oslo: Luther Forlag AS.
- Hagman, Patrik. (2013) *Efter folkkyrkan. En teologi om kyrkan i det efterkristna samhället*. Skellefteå: Artos.
- Hansson, Mats J. (2008). ”Diakoni-teologisk reflexion”. I: Blennberger, Erik, Hansson, Mats J. (red.): Diakoni. Tolkning, historik, praktik. Stockholm: Verbum.
- Harvoll, Kjell A. (2007). Om utopien – en kort merknad. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*. 23 (1):78-84
- Hunter, James Davison. (2013). Law, Religion and the Common Good. *Pepperdine Law Review*. 39 (5): 1065-1082.
- Ingebrigtsen S. og O.D. Jakobsen. (2004). *Økonomi, natur og kultur*. Oslo: Abstract forlag.
- Ingebrigtsen, Stig. (2014). En økonomi og et økosystem i krise? *Magma. Econas tidsskrift for økonomi og ledelse*. Henta 27.04.2017 frå: <https://www.magma.no/en-okonomi-og-et-okosystem-i-krise>
- Jakobsen, Ove D. (2009) *Økologisk økonomi – Grunnleggende endringer istedenfor symptombehandling*. *Fokus – Bioforsk*, 4 (2):10-11.
- Johannessen, A., P. A. Tufte og L. Christoffersen (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. 4. utg. Oslo: Abstrakt forlag

Kyrkjerådet. (2008). *Plan for diakoni i Den norske kyrkje*. Oslo: Den Norske Kyrkje, Kyrkjerådet.

Mathisen, Werner Christie. (2006). Utopier – Noe for statsvitere. *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*. 22 (4):420-434.

Max-Neef, Manfred A. (1991). *Human Scale Development. Conception, Application and Further Reflections*. New York og London: The Apex Press.

Mjaaland, Marius Timman. (2017). *Systematisk teologi*. Oslo: Verbum Akademisk.

Norad. (2017). *Grøn økonomi*. Henta 11.05.2017. frå:

<https://www.norad.no/tema/klima-miljo-og-naturressurser/gronn-okonomi/>

Pelenc, Jérôme og Jérôme Ballet. (2015). Strong sustainability, critical natural capital and the capability approach. *Ecological Economics*. 112 (2015): 36-44.

Nrk.no. (2014). *Advarer mot iPhone-svindel*. Henta 02.05.2017 frå:

<https://www.nrk.no/telemark/advarer-mot-iphone-svindel-1.11935263>

Rasmusson, Arne. (1995). *The Church as Polis: From Political Theology to Theological Politics as Exemplified by Jürgen Moltmann and Stanley Hauerwas*. Notre Dame, Indiana: University of Notre Dame Press

Riber, Helge Bie. (2011). Diakon i ikke-kirkelig stilling. I: Dietrich, Stephanie, Kari Karsrud Korslien og Kjell Nordstokke (red.). *Diakonen – kall og profesjon*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.

Samfunnsviter'n. (2016). *Hvorfor lese utopier*. Henta 20.04.2017 frå:

<http://samfunnsvitern.com/hvorfor-lese-utopier/>

Scott, Peter og William T. Cavanaugh. (2004). *The Blackwell Companion to Political Theology*. Malden: Blackwell Publ.

Sigurdson, Ola. (2010). Beyond Secularism? Towards a Post-secular political theology. I: Fodor, Jim og Bill Cavanaugh (red.). *Modern Theology*. Malden: Blackwell Publishing Limited.

Store Norske Leksikon (SNL). (2016). *Adam Smith*. Henta 01.02.2017 frå:

[https://snl.no/Adam\\_Smith](https://snl.no/Adam_Smith)

Store Norske Leksikon (SNL). (2015). *Handelsteori*. Henta 01.02.2017 frå:

<https://snl.no/handelsteori>

Store Norske Leksikon (SNL). (2015). *Sammfunnsøkonomi*. Henta 12.06.2017 frå:

<https://snl.no/samfunns%C3%B8konomi>

Store Norske Leksikon (SNL). (2014). *Utopi*. Henta 20.04.2017 frå:

<https://snl.no/utopi>

Storsletten, Vivi ML og Ove D. Jakobsen. (2016). Er litt betre godt nok? I: Gunnar Vittersø, Anita Borch, Kirsi Laitala og Pål Strandbakken (red.). *Forbruk og det grønne skifte*. Oslo: Novus Forlag.

Thagaard, Tove. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode*. 4. utg. Bergen: Fagbokforlaget.

The Christian Century. (2005). *Liturgy as Politics: an interview with William Cavanaugh*. Henta 19.05.2017 frå:

<https://las.depaul.edu/academics/catholic-studies/faculty/Pages/william-cavanaugh.aspx>

UiO. (2017). *Arne Johan Vetlesen. Bakgrunn*. Henta 20.04.2017 frå:  
<http://www.hf.uio.no/ifikk/personer/vit/filosofi/fast/arnejv/>

Vetlesen, A.J. (1998). Dydsetikk i individualiseringens og globaliserings tid. I A.J. Vetlesen (Red.), *Dydsetikk* (s. 151-208). Oslo: Humanist forl.